



Møteprotokoll

Utval	Heradsstyret
Møtestad	Heradsstyresalen
Dato	18.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 16:10

Frammøtte	Parti
Anders Gjeraker	Ap
Asgeir Løno	Ap
Benedicte Kragh	Ap
Hilde Marie Magnusson	Ap
Marit Wæhle	Ap
May Røssland	Ap
Stein Helge Mandelid	Ap
Tommy Mo Aarethun	Ap
Knut Ståle Kvissel	Frp
Stig Frode Solveit Støle	Frp
David Inge Tveito	H
Erik Flage	H
Katrine Matthiessen	H
Lars Tore Rogne	H
Svein Erik Burud	H
Sveinung Riber	H
Kenneth Myhre	INP
Knut Opheim	INP
Terje Eide	INP
Øystein Måkestad	Krf
Trygve Lyshagen Tømmerås	Mdg
Bridget Penny	R
Helena Elvatun	Sp
Kari Nestaas Ruud	Sp
Samson Hamre	Sp
Sigurd Tyssen	Sp
Siri Stuve Elvatun	Sp
Sturla Hommedal	Sp
Tonje Ljones Såkvitne	Sp
Dag Sandvik	Sv
Gry Bystøl Gladheim	Sv
Håvard Skattum	Sv
Margrethe Alm	Sv
Marit Tveito Askeland	Sv
Anna Lussand Selheim	UAV

Endre Evensen	UAV
Hilde Lussand Selheim	UAV
Norunn Renate Bidne	UAV
Elin Seim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Christina Løno	H	Olav Farestveit	H
Daniel Lund Imani	H	Oddbjørn Bratthole	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	H	Åshild Søvik Underdal	H
Lars Gunnar Øye	INP	Anne Cathrine Bakk	INP

Andre som møtte	Stilling
Björg Nesheim	
Elin Klette	Politisk sekretær
Frøydis Solbakk	Leiar barnehage
Hans-Erik Ringkjøb	Kommunalsjef tekniske tenester
Ingeborg Hellesnes Uppheim	Kommunalsjef
Kjersti Nordanger	Kommunalsjef Helse og omsorg
Lars Egil Sjøtun	Spesialkonsulent
Liv Myklebust	Stabssjef Strategi og styring
Magnar Helland	Skulesjef
Martin William Kulild	Rådmann
Martine Hirth	Økonomirådgjevar, Styring og analyse
Mette Matthiessen	Stabssjef HR og innovasjon
Nils Petter Bere	Leiar Økonomi
Perline Dugstad Vivås	Politisk sekretær
Siren Hovland	
Tor Helmer Halvorsen	Stabssjef Innbyggjarservice
Trude Letnes	Kommunalsjef kultur og fritid

Protokollfører:
Elin Klette

Inhabil	Sak	Varamedlem	Merknad
Erik Flage	56/26	,	
Knut Ståle Kvissel	56/26	,	
Marit Wæhle	56/26	Karl Atle Knapskog, Ap	
Øystein Måkestad	56/26	,	
Anne Cathrine Bakk	60/26	,	
Knut Opheim	60/26	Tor-Ivar Slette Valåmo, INP	
Hilde Marie Magnusson	61/26	,	
Marit Wæhle	61/26	,	
Terje Eide	63/26	,	
Terje Eide	66/26	,	

Møtenotat

Helena Elvatun, Sp, permisjon til kl 10.20, sak 57/26

Bridget Penny, R, permisjon fram til 13.45 - Sidsel Vinsand vara tom sak 58/26

Kenneth Myhre, Inp - permisjon frå kl 11.30 - 13.15 - Tor-Ivar Valåmo vara frå sak 58/26, Kenneth tilbake til avrøysting i sak 58/26

May Røssland, Ap, permisjon frå kl 15.15, Karl Knapskog tok sete som vara, frå sak 68/26
Knut Ståle Kvissel, Frp, permisjon frå kl 15.45, etter sak 74/26
Olav Farestveit, H, permisjon frå kl 16.00, etter grunngjevne spm

Informasjon frå Rådmannen v/Hans-Erik Ringkjøb:

- Prosjektavdelinga jobbar no med moglegheitsstudien Offentlege hus, der det vert sett på kommunale bygg i sentrum og kva tenester som skal leverast kvar inn i framtida (heilskapen i sentrum).
- Det skal undersøkjast om det kan vera synergjar mellom tenester, tilsett og brukarar, samt næringsliv ved å verta plassert i same bygg og sjå kva roller kommunale tilsette kan ha i møteplassar og samhandlings arenaer (HUB/ generator/ koplingsboks). Målet er å bygga oppunder sosial berekraft.
- Det handlar om å bygga fellesskap for framtida. Ha hus/ bygg som er fleksible for ei framtid me ikkje kjenner.
- Arbeidsgrupper startar opp til hausten (der deltek politikara + administrasjon + råd + private)
- Rådman vil jamleg koma med info i HST ilt hausten.
- Sidan skule og barnehage vil vera ein vesentleg del av heradet sine offentlege hus i sentrum, vil me jobbe vidare med vedtaket i Skule og barnehage struktur saka. Me vil ta utgangspunkt i vedtaket, men bruka prosessen for å koma fram til løysingar, der ein ser skule og barnehage i samband med andre offentlege hus i sentrum. Vonleg er det mogleg å visa fleire alternativ og noko som er i tråd med den retninga de som folkevalde og meiner er ønskjeleg.
- For å gje retning vil me ta utgangspunkt i kva som vil vera eigna bygg for dagens opplæring. Gje born/ unge best mogleg føresetnad for læring og utvikling, som styrker born/ unge si utdanning og danning. Dette gjeld og for elevar med omfattande hjelpebehov.
- Målet om å koma med nokre scenario som det vil vera mogleg å vurdere opp mot kvarandre og velja mellom.
- Alt er finansiert gjennom eksterne ressursar til desse prosjekta som ikkje kan nyttast til å drifa heradet.

Informasjon frå ordførar:

- Voss herad møtte i regionalt planforum tidlegare denne veka. Arbeidet som vert gjort i Voss herad vert møtt med stor fagleg respekt
- Ekstra møte i FPL 25. juni, undervegshandsaming av KPA. Sjå opptak på kommuneTV som vart gitt til UKMB i deira møte 10. juni
- Helsing til heradsstyret frå ordførar

Tonje Ljones Såkvitne

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-05/26	Informasjon til møte i Heradsstyret 18. juni 2026
PS-51/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-52/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-53/26	Klage på vedtak om oreigning av idrettsareal Bømoen
PS-54/26	Handlingsplan - Forvaltningsrapport økonomistyring i Voss herad
PS-55/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Voss herad
PS-56/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Vossabadet og Voss Idrettshall KF
PS-57/26	Rapport 1. tertial 2026
PS-58/26	Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027
PS-59/26	Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030
PS-60/26	Detaljreguleringsplan for gang/sykkelveg og VA-nett, Myrkdalen, planid 2019005
PS-61/26	Detaljreguleringsplan Strandavegen 9-21- planid. 2022004
PS-62/26	Endeleg handsaming - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030
PS-63/26	Utvida skjenketid Skrot 11.06.26- 19.07.26
PS-64/26	Nytt skjenkeløyve Arv AS Stallgata 15
PS-65/26	Nytt skjenkeløyve Ditt og Datt AS
PS-66/26	Nytt skjenkeløyve Matr Restaurant og Bar AS
PS-67/26	Nytt skjenkeløyve St.Mikal til den gamle gilde
PS-68/26	Endring av samarbeidsavtale i Vest brann og redning
PS-69/26	Søknad om permisjon frå folkevalde verv
PS-70/26	Val av midlertidig varaordførar
PS-71/26	Vigselmynde i Voss herad
PS-72/26	Tal representantar i Voss heradsstyre
PS-73/26	Høyringsuttale fjerntogstrategi og godsstrategi for jernbanen
PS-74/26	Samlesak for referatsaker
PS-75/26	Ymse
IP-09/26	Interpellasjon - Digitale hjelpemiddel i landbruket v/Hilde Lussand Selheim, Uavhengig, Endre Evensen, Uavhengig, David Inge Tveito, H
IP-10/26	Interpellasjon - Nyttårsfyerverkeri i Voss herad v/Kari Nestaas Ruud og Samson Hamre, Sp
GS-08/26	Grunngjeve spørsmål - Tryggleiksalarm v/Hilde Lussand Selheim og Anna Lussand Selheim, Uavhengig
GS-09/26	Grunngjeve spørsmål - Voss næringspark v/Lars Tore Rogne, H
GS-10/26	Grunngjeve spørsmål - Liggedøgn v/Anna Lussand Selheim, Uavhengig
GS-11/26	Grunngjeve spørsmål - Omorganisering av tenestene v/Christina Løno, H
GS-12/26	Grunngjeve spørsmål - kommunalt kjøkken på Vettleflaten v/Hilde Lussand Selheim, Uavhengig
GS-13/26	Grunngjeve spørsmål - Status på forhold knytt til byggjeløyve , vedteken områdeplan og plan- og bygningslova v/ Øystein Måkestad, KrF
GS-14/26	Grunngjeve spørsmål - Eldreomsorga i Voss herad v/Sidsel Vinsand på vegne av KrF, SV og Raudt

05/26 Informasjon til møte i Heradsstyret 18. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Heradsstyret 18. juni 2026 kl. 9.00 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga <https://voss.kommunetv.no/>.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Kulturskulen	Oddvar	9.00 - 9.10
Møtet er sett	Ordførar	9.10 - 9.20
Sakshandsaming inkl pausar	Ordførar	9.20 - 16.00
Lunsj		11.00 - 11.40
Generell informasjon frå rådmann og ordførar	Rådmann og ordførar	16.00 - 16.30

Voss 5. juni 2026

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

HST - 05/26 Vedtak

51/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Innkalling og saklista samrøystes godkjend med 42 røyster.

HST - 51/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

52/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 52/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

53/26 Klage på vedtak om oreigning av idrettsareal Bømoen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klage frå advokat Kenneth Steffensen på vegne av Bømoen AS og Vestlandet Luftsportsenter AS, datert 17.4.2026, over vedtak om oreigning av grunn og rettar, vert ikkje teken til følge.

Vedtaket frå heradsstyret i møte 26.3.2026, sak 16/26, vert oppretthalde.

Klagen vert send til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Forslag til vedtak frå INP, foreslått av Terje Eide, Industri- og Næringspartiet

Forslag til vedtak:

Heradstyret tek klagen frå Bømoen AS til fylgje og gjev rådmannen fullmakt til å gå i dialog med grunneigar for å ferdigstillast og signera den minnelege avtalen.

Dag Sandvik, SV, har vore vurdert ugild i sakshandsaminga i tidlegare møte, jf fvl § 6 andre ledd og fvl § 6-e. Heradsstyret røysta over D. Sandvik sin gildskap og Dag Sandvik vart samrøystes, med 41 røyster, funne ugild. Hilde Skorve, Sv, tok sete som vara.

Sidse Vinsand, R, bad om vurdering av habilitet som medlem i klagenemnda. Rådmannen rår til at S. Vinsand vert vurdert habil. Heradsstyret røysta over Sidse Vinsand sin habilitet og repr. vart samrøystes, med 40 røyster funnen gild.

Heradsstyret røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak opp mot endringsframlegg frå INP v/Terje Eide. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 23 røyster mot 19 røyster (Anne Cathrine Bakk, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, INP, Øystein Måkestad, Krf, Åshild S. Underdal, Sveinung Riber, Svein Erik Burud, Erik Flage, Oddbjørn Bratthole, Katrine Matthiessen, Olav Farestveit, David Inge Tveito, Lars Tore Rogne, H, Sigurd Tyssen, Kari Nestaas Ruud, Samon Hamre, Siri Stuve Elvatun, Sturla Hommedal, Sp)

HST - 53/26 Vedtak

Klage frå advokat Kenneth Steffensen på vegne av Bømoen AS og Vestlandet Luftsportsenter AS, datert 17.4.2026, over vedtak om oreigning av grunn og rettar, vert ikkje teken til følge.

Vedtaket frå heradsstyret i møte 26.3.2026, sak 16/26, vert oppretthalde.

Klagen vert send til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

54/26 Handlingsplan - Forvaltningsrapport økonomistyring i Voss herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre vedtek fylgjande handlingsplan for dei ulike tilrådingane i forvaltningsrapport om økonomistyring.

Tilråding	Tema	Tiltak	Frist
1	Realistisk budsjettering	Styrkja føresetningader i budsjett, samt aktiv rebudsjettering igjennom året	Iverksatt/ løpande
2	Kompetanse hjá leiarar	Målretta behovsbasert opplæring, tettare oppfylgjing, samt auka praktisk rettleiing	Hausten 2027/ løpande
3	Periodisering	Vidareføra og styrkja periodisering av budsjett, samt vurderer avgrensa periodisering i rekneskapen av større poster	Iverksatt/ vurdert til 2027

4	Datagrunnlag tertialrapport	Vidareføra dagens praksis	Ingen endring
5	Komprimert rapportering	Forenkla og betra eksisterade tertialrapportar. Ikkje eigne samandrag.	Iverksatt/løpande
6	Opplæring av folkevalde	Vidareføre eksisterande praksis, eventuelt behovsbasert oppfrisking	Ingen endring

Stabssjef har ansvar for oppfylging av tiltaka

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 38/26

Voss heradsstyre vedtek fylgjande handlingsplan for dei ulike tilrådingane i forvaltningsrapport om økonomistyring.

Tilråding	Tema	Tiltak	Frist
1	Realistisk budsjettering	Styrkja føresetningader i budsjett, samt aktiv rebudsjettering igjennom året	Iverksatt/løpande
2	Kompetanse hjå leiarar	Målretta behovsbasert opplæring, tettare oppfylgjing, samt auka praktisk rettleiing	Hausten 2027/løpande
3	Periodisering	Vidareføra og styrkja periodisering av budsjett, samt vurderer avgrensa periodisering i rekneskapen av større poster	Iverksatt/vurdert til 2027
4	Datagrunnlag tertialrapport	Vidareføra dagens praksis	Ingen endring
5	Komprimert rapportering	Forenkla og betra eksisterade tertialrapportar. Ikkje eigne samandrag.	Iverksatt/løpande
6	Opplæring av folkevalde	Vidareføre eksisterande praksis, eventuelt behovsbasert oppfrisking	Ingen endring

Stabssjef har ansvar for oppfylging av tiltaka

Saksordførar: Dag Sandvik

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, vedteke med 7 røyster mot 2 røyster (Iril S. Johansen, Sveinung Riber, H).

FPL - 38/26 Vedtak

Voss heradsstyre vedtek fylgjande handlingsplan for dei ulike tilrådingane i forvaltningsrapport om økonomistyring.

Tilråding	Tema	Tiltak	Frist
1	Realistisk budsjettering	Styrkja føresetningader i budsjett, samt aktiv rebudsjettering igjennom året	Iverksatt/løpande
2	Kompetanse hjå leiarar	Målretta behovsbasert opplæring, tettare oppfylgjing, samt auka praktisk rettleiing	Hausten 2027/løpande
3	Periodisering	Vidareføra og styrkja periodisering av budsjett, samt vurderer avgrensa periodisering i rekneskapen av større poster	Iverksatt/vurdert til 2027
4	Datagrunnlag tertialrapport	Vidareføra dagens praksis	Ingen endring
5	Komprimert rapportering	Forenkla og betra eksisterade tertialrapportar. Ikkje eigne samandrag.	Iverksatt/løpande
6	Opplæring av folkevalde	Vidareføre eksisterande praksis, eventuelt behovsbasert oppfrisking	Ingen endring

Stabssjef har ansvar for oppfylgning av tiltaka

Saksordførar: Dag Sandvik

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Endringsframlegg, foreslått av Elin Seim, Venstre

Bakgrunn:

Revisjonen er bestilt av heradsstyret gjennom kontrollutvalet for å identifisere forbetningsområde. Når revisjonen peikar på konkrete svakheiter, bør hovudregelen vere at tilrådingane vert følgde opp. Dersom administrasjonen meiner enkelte tilrådingar ikkje skal gjennomførast, bør dette grunngjevast tydeleg.

Vedtak:

Heradsstyret ber rådmannen følgja opp tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i Voss herad i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Heradsstyret ber difor rådmannen leggja fram ein revidert handlingsplan som i større grad synleggjer korleis revisjonen sine tilrådingar skal gjennomførast, og som særskilt grunngjev eventuelle tilrådingar som ikkje vert følgde opp.

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonomi, opp mot endringsframlegg frå Elin Seim, V. Framlegg frå Venstre vart vedteke med 28 røyster mot 14 røyster (Dag Sandvik, Margrete Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, SV, Tonje Ljones Såkvitne, Sigurd Tyssen, Kari Nestaas Ruud, Samson Hamre, Siri Stuve Elvatun, Sturla Hommedal, Sp, Hilde Lussand Selheim, Anna Lussand Selheim, Endre Evensen, Uavhengig).

HST - 54/26 Vedtak

Heradsstyret ber rådmannen følgja opp tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i Voss herad i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Heradsstyret ber difor rådmannen leggja fram ein revidert handlingsplan som i større grad synleggjer korleis revisjonen sine tilrådingar skal gjennomførast, og som særskilt grunngjev eventuelle tilrådingar som ikkje vert følgde opp.

55/26 Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Voss herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2025

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 39/26

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2025.

Saksordførar: Elin Seim

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 39/26 Vedtak

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2025.

Saksordfører: Elin Seim

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Tilleggsframlegg:, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

Heradsstyret ber rådmannen utvida kapittelet rekruttering til «rekruttera og behalda», og å leggja fram meir innsikt knytt til å behalda tilsette, t.d. respons på utlysingar, vakante stillingar, årleg turnover og tiltak for å halda på tilsette, samt korleis eventuelle vedtak knytt til rekruttering vert følgde opp.

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke med 42 røyster.

Heradsstyret røysta over tilleggsframlegg frå Benedicte Kragh, Ap, samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 55/26 Vedtak

Voss heradsstyre vedtek årsmelding og årsrekneskap for Voss herad 2025.

Heradsstyret ber rådmannen utvida kapittelet rekruttering til «rekruttera og behalda», og å leggja fram meir innsikt knytt til å behalda tilsette, t.d. respons på utlysingar, vakante stillingar, årleg turnover og tiltak for å halda på tilsette, samt korleis eventuelle vedtak knytt til rekruttering vert følgde opp.

56/26 Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Vossabadet og Voss Idrettshall KF

Kommunalt føretak sitt framlegg til vedtak:

1. Voss heradsstyre godkjenner årsmelding og årsrekneskapen for Vossabadet og Voss idrettshall KF 2025.
2. Voss heradsstyre vedtek å utsetja vurderinga om føretaket skal innlemmast i Voss herad si drift til hausten 2027.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 40/26

Voss heradsstyre godkjenner årsmelding og årsrekneskapen for Vossabadet og Voss idrettshall KF 2025.

Saksordfører: Tommy Mo Aarethun

Inhabile	Varamedlem	Merknad
Erik Flage		
Knut Ståle Kvissel		
Marit Wæhle	Karl Atle Knapskog	
Øystein Måkestad		

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over Kommunalt føretak sitt framlegg til vedtak punktvis,

Pkt 1, samrøystes vedteke

Pkt 2, framlegget fall med 4 røyster mot 5 røyster (Tonje Ljones Såkvitne, Samson Hamre, Sp, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Sv, Tommy Mo Aarethun, Ap)

FPL - 40/26 Vedtak

Voss heradsstyre godkjenner årsmelding og årsrekneskapen for Vossabadet og Voss idrettshall KF 2025.

Saksordfører: Tommy Mo Aarethun

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Erik Flage, styreleiar i Vossabadet og Voss idrettshall KF, Marit Wæhle, Knut Ståle Kvissel, styremedlemmer i Vossabadet og Voss idrettshall KF, Øystein Måkestad, vara i Vossabadet og Voss idrettshall KF, bad om vurdering av habilitet, jf fvl § 6-e. Heradsstyret røysta over habiliteten til representantane, og dei vart samrøystes med 38 røyster funne ugilde og tredje frå. Karl Knapskog, Ap, tok sete som vara for Marit Wæhle.

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke med 39 røyster.

HST - 56/26 Vedtak

57/26 Rapport 1. tertial 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringar for drift og investering vert vedtekne i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 09.06.2026 - 41/26

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden om å vurdere auka økonomisk kontroll av Kyrkja.
- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette vert oppretthalde må ordninga med "Meir ope bibliotek" koma på plass.

Vedtak som innstilling frå Utval for klima, miljø og beredskap, 10.06.2026 - 28/26

Utval for klima miljø og beredskap tek rapport for 1. tertial til orientering.

Me ber om at «Garden»-tilbodet på Voss vert vidareført. Tilbodet gjev elevane verdifull innsikt i landbruk, natur og berekraft, og bidreg til læring, trivsel og meistring.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 10.06.2026 - 37/26

Utval for levekår tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Utvalet tek og dei foreslegne budsjettjusteringane til vitande fram til møtet i heradsstyret.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 41/26

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringar for drift og investering vert vedtekne i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Saksordførar: Dag Sandvik

Utval for kultur og næring 09.06.2026

Handsaming

Synspunkter frå utvalet, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden å vurdere økt økonomisk kontroll av Kyrkja.

- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette oppretthaldast må ordninga med "Meir opent bibliotek" komme på plass.

Utval for kultur og næring røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Håvard Skattum, SV, samrøystes vedteke.

UKN - 41/26 Vedtak

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden om å vurdere auka økonomisk kontroll av Kyrkja.
- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette vert oppretthalde må ordninga med "Meir ope bibliotek" koma på plass.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Viderføring av tilbodet på Garden, foreslått av Helena Elvatun, Senterpartiet

Me ber om at «Garden»-tilbodet på Voss vert vidareført. Tilbodet gjev elevane verdifull innsikt i landbruk, natur og berekraft, og bidreg til læring, trivsel og meistring.

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Karl Atle Knapskog, Arbeiderpartiet

Utval for klima miljø og beredskap tek rapport for 1. tertial til orientering.

Det var røysta over endringsframlegg frå Karl Knapskog. Samrøystes

Det vart røysta over Lars Tore Rogne sin gildskap i høve tilleggsframlegg frå Helena Elvatun grunna nært venskap til drivarane av Garden. Samrøystes ugild.

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå Helena Elvatun. Vedteke med 5 (SV 2, MdG, INP, SP) mot tre røyster (2 Ap, H)

UKMB - 28/26 Vedtak

Utval for klima miljø og beredskap tek rapport for 1. tertial til orientering.

Me ber om at «Garden»-tilbodet på Voss vert vidareført. Tilbodet gjev elevane verdifull innsikt i landbruk, natur og berekraft, og bidreg til læring, trivsel og meistring.

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 41/26 Vedtak

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringar for drift og investering vert vedtekne i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Saksordførar: Dag Sandvik

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Forslag til vedtak - MDG, foreslått av Trygve Lyshagen Tømmerås, Miljøpartiet dei grøne

Voss heradsstyre tar rapporten for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringer for drift og investering vedtas i samsvar med kommunedirektørens forslag, med følgende endringer:

Drift

Følgende budsjettposter opprettholdes:

- Klimamidler: kr 650 000.

Følgende nye budsjettpost innarbeides:

- Oppbemanning med en ekstra klima- og miljørådgiver: kr 500 000

Følgende budsjettposter tas ut:

- Utbygging av bredbånd: kr 1 400 000.
- Kommunal egenandel utbygging av bredbånd: kr 1 400 000.
- Utgifter til videre utvikling av Bømoen: kr 1 400 000.

Investering

Det bevilges kr 1 400 000 til investeringsprosjektet «Videre utvikling av Bømoen».

Tilleggsframlegg, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

Reduksjon i stilling ved Voss bibliotek vert gjennomført ved at stillinga vert halden vakant frå hausten 2026, med mål om tilsetting så snart økonomien har betra seg. Innsparingseffekten i 2026 vert som i rådmannen sitt framlegg,

Heradsstyret ber rådmannen sakshandsama oppdatert informasjon og notat frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering til 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan. Det er ynskjeleg at kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026.

Framlegg til vedtak Raudt, foreslått av Sidsel Vinsand, Raudt

Endringsframlegg

Voss heradsstyre tek rapport 1. tertial 2026 til orientering

Driftsjusteringar 1.1.: Drift vert vedteke med følgjande endringar: Punkt 1.1.3 og 1.1.5 vert stroke

Saldering: Nedtrekk disposisjonsfond

Revidert forslag til vedtak - MDG, foreslått av Trygve Lyshagen Tømmerås, Miljøpartiet dei grøne

Forslag til vedtak - MDG

Trygve Lyshagen Tømmerås(Mdg)18.06.2026

Voss heradsstyre tar rapporten for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringer for drift og investering vedtas i samsvar med kommunedirektørens forslag, med følgende endringer:

Drift

Følgende budsjettposter opprettholdes:

- Klimamidler: kr 650 000.

Følgende nye budsjettpost innarbeides:

- Oppbemanning med en ekstra klima- og miljørådgiver: kr 500 000

Følgende budsjettposter tas ut:

- Utgifter til videre utvikling av Bømoen: kr 1 400 000.

Investering

Det bevilges kr 1 400 000 til investeringsprosjektet «Videre utvikling av Bømoen».

Revidert forslag til vedtak - MDG - Korrigert versjon, foreslått av Trygve Lyshagen Tømmerås, Miljøpartiet dei grøne

Voss heradsstyre tar rapporten for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringer for drift og investering vedtas i samsvar med kommunedirektørens forslag, med følgende endringer:

Drift

Følgende budsjettposter opprettholdes:

- Klimamidler: kr 650 000.

Følgende nye budsjettpost innarbeides:

- Oppbemanning med en ekstra klima- og miljørådgiver: kr 500 000

Følgende budsjettposter tas ut:

- Utgifter til videre utvikling av Bømoen: kr 1 400 000.

Investering

Det bevilges kr 1 400 000 til investeringsprosjektet «Videre utvikling av Bømoen».

Dersom dette ikke er en lovlig inndekning, tas forslagene ut ved 3. tertial, og rådmannen trenger ikke å følge opp vedtaket.

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke

Heradsstyret røysta over revidert endringsframlegg frå Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, fall med 42 røyster mot 1 røyst (Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg)

Heradsstyret røysta punktvis over tilleggsframlegg frå Ap og Sv, v/Bendicte Kragh, Ap,

Pkt 1 vedteke med 42 røyster mot 1 røyst (Sidsel Vinsand, R)

Pkt 2 samrøystes vedteke

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Sidsel Vinsand, R, fall med 42 røyster mot 1 røyst (Sidsel Vinsand, R)

HST - 57/26 Vedtak

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringar for drift og investering vert vedtekne i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Reduksjon i stilling ved Voss bibliotek vert gjennomført ved at stillinga vert halden vakant frå hausten 2026, med mål om tilsetjing så snart økonomien har betra seg. Innsparingseffekten i 2026 vert som i rådmannen sitt framlegg.

Heradsstyret ber rådmannen sakshandsama oppdatert informasjon og notat frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering til 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan. Det er ynskjeleg at kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026.

58/26 Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 11,1 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 37,5 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim		-16 000	-16 000	-16 000

H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin		-2 200	-2 200	-2 200
H3	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus		-1 200	-1 200	-1 200
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til minimumskrav på 27			-1 200	-1 200
T1	Etablera sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500
T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leining og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* - endra til oppvekstun Evanger		-2 000	-3 200	-3 200
O6	Avvikla Hauge barnehage	-	-1 600	-3 200	-3 200
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemannning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag	-	-1 000	-1 000	-1 000
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000
	SUM	-2 050	-40 300	-51 800	-54 600

Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 08.06.2026 - 20/26

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltids- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar.

Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar

som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også blir ein del av tiltaka.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 08.06.2026 - 20/26

Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 08.06.2026 - 20/26

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskaplege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frp sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 08.06.2026 - 18/26

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 09.06.2026 - 42/26

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradet sin direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årleg inflasjon.

Vedtak som innstilling frå Utval for klima, miljø og beredskap, 10.06.2026 - 29/26

Utvalet tek rapport heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss til orientering .

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 10.06.2026 - 38/26

Utval for levekår tek rapport for rapport for heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.26 til orientering.

Utvalet tek og punkt 2. og 3. i rådmannens forslag til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 42/26

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 11,1 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 37,5 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim		-16 000	-16 000	-16 000
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin		-2 200	-2 200	-2 200
H3	Avslutta kveld- og helgebemanning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus		-1 200	-1 200	-1 200
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til minimumskrav på 27			-1 200	-1 200
T1	Etablere sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500

T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leining og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* - endra til oppveksttun Evanger		-2 000	-3 200	-3 200
O6	Avvikla Hauge barnehage	-	-1 600	-3 200	-3 200
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemanning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag	-	-1 000	-1 000	-1 000
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000
	SUM	-2 050	-40 300	-51 800	-54 600

Saksordførar: Samson Hamre

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026

Handsaming

Innspel til heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss2027, foreslått av Aud Marit Netteland, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskapelege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frå sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leiing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Innspel fremja av eit samla Råd for MMNF, samrøyses vedteke.

KRMNF - 20/26 Vedtak

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskaplege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frå sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leiing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Vedtak - Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltid- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknyting til arbeidslivet og er

avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også bli ein del av tiltaka.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 20/26 Vedtak

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltids- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også bli ein del av tiltaka.

Eldrerådet 08.06.2026

Handsaming

Endringsframlegg: , foreslått av Sturla Hommedal, Senterpartiet

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Eldrerådet røysta over endringsframlegget fremja av Sturla Hommedal opp imot rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak. Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

ELD - 18/26 Vedtak

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Ungdomsrådet 08.06.2026

Handsaming

7 av 7 i ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

7 av 7 meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

5 av 7 syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

UNG - 20/26 Vedtak

Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

Utval for kultur og næring 09.06.2026

Handsaming

Synspunkt frå utval for kultur og næring, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradets direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årlege inflasjon.

Utval for kultur og næring røysta over framlegg til innspel frå Håvard Skattum, SV, samrøystes vedteke med 8 røyster.

UKN - 42/26 Vedtak

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradet sin direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årleg inflasjon.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Karl Atle Knapskog, Arbeiderpartiet

Utvalet tek rapport heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, Voss IPluss til orientering

Det vart røysta mellom rådmannen sitt framlegg og framlegg frå Karl Knapskog. Framlegg frå Karl Knapskog samrøyste vedteke.

UKMB - 29/26 Vedtak

Utvalet tek rapport heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss til orientering .

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Drift av Bømoen flyplass, foreslått av Lars Gunnar Øye, Industri- og Næringspartiet

Bømoen flyplass skal driftast til sjølvkost. Då må utlegg og inntekter i drifta gå klårt fram av heradet sin rekneskap. Her er personalkostnader, 20% stilling, administrative kostnader, vedlikehaldskostnader og andre kostnader knytt opp mot drifta av flyplassen. På inntektssida finn me at landingsavgifta i 2026 er sett til kroner 220, og VFK, som har godt og vel 30.000 fallskjermhopp i sesongen, betaler i dag kr 66.000 for bruken av flyplassen. Helikopterselskap med fast base på Bømoen betaler ei fast avgift på kr 44.000. I tillegg til desse kjem andre flyklubbar sin aktivitet, lokale og eksterne, som også nyttar Bømoen flyplass. Me ynskjer å få presentert ei sak i FPL som syner Voss herad sin rekneskap i høve drifta.

Iril S. Johansen, H, bad om vurdering av habilitet i samband med innspel frå INP. Iril S. Johansen vert vurdert inhabil i drøfting og røysting av tilleggspunkt frå INP, jf fvl § 6 andre ledd, i resten av saka vert representanten vurdert habil.

Lars Gunnar Øye, INP, trekte framlegg om tilleggspunkt knytt til flyplassen før røysting av saka.

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget vart vedteke med 8 røyster mot 1 røyst (Iril S. Johansen, H).

FPL - 42/26 Vedtak

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 11,1 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 37,5 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim		-16 000	-16 000	-16 000
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin		-2 200	-2 200	-2 200
H3	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus		-1 200	-1 200	-1 200
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til minimumskrav på 27			-1 200	-1 200
T1	Etablера sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500
T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000

O2	Redusera årsverk til leining og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* - endra til oppveksttun Evanger		-2 000	-3 200	-3 200
O6	Avvikla Hauge barnehage	-	-1 600	-3 200	-3 200
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemanning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag	-	-1 000	-1 000	-1 000
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000
	SUM	-2 050	-40 300	-51 800	-54 600

Saksordførar: Samson Hamre

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Fellesframlegg, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 7,5 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 18 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
-----	-------------	-------	-------	-------	-------

H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim				
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin				
H3	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus				
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til 31 representantar-minimumskrav på 27			-900	-900
T1	Etablera sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500
T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leiling og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
Ø5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* endra til oppvekstun Evanger				
Ø6	Avvikla Hauge barnehage Vert flytta/avvikla når Oppheim står klar				
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemannning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
Ø11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag				
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000

	SUM	-2 050	-16 300	-24 700	-27 500
--	------------	-------------------	--------------------	--------------------	--------------------

MDG, foreslått av Trygve Lyshagen Tømmerås, Miljøpartiet dei grønne

Alternativt framlegg til vedtak

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:

- a. Adm/politisk: 0,5 mill. kr
- b. Oppvekst: 6,4 mill. kr
- c. Helse og omsorg: 37,5 mill. kr
- d. Stab: 3 mill. kr
- e. Kultur og fritid: 2,9 mill. kr
- f. Teknisk: 10 mill. kr

Innsparingsmålet for oppvekst vert redusert med 4,7 mill. kr samanlikna med rådmannen sitt framlegg for å ta ut følgjande tiltak frå vidare omstillingsarbeid:

- O4 Avvikla tilbodet på Garden
- O5 Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage / oppvekstun Evanger
- O6 Avvikla Hauge barnehage

Adm/politisk vert auka frå 0,5 mill. kr til minimum 3,7 mill. kr i 2027, i tråd med innsparingane rådmannen sjølv legg til grunn i innstilt økonomiplan på side 4.

3. Alle omstillingstiltak som går fram av rådmannen si innstilling vert vedtekne, med unntak av:

- O4 Avvikla tilbodet på Garden
- O5 Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage / oppvekstun Evanger
- O6 Avvikla Hauge barnehage

Alternativt framlegg til vedtak, Ap og SV, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.

2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:

Adm/politisk: 0,5 mill. kr

Oppvekst: 11,1 mill. kr

Helse og omsorg: 36,3 mill. kr

Stab: 3 mill. kr

Kultur og fritid: 2,9 mill. kr

Teknisk: 10 mill. Kr

3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra rådmannen sitt framlegg til omstillingstiltak, med følgjande

endringar:

a) Heradsstyret ber rådmann arbeida vidare med strukturen innan pleie- og omsorgstenestene og om at det vart laga ein tydeleg plan for tenestene gjennom heile omsorgstrappa. Heradsstyret ber om at følgjande vert vurdert i ein slik plan og at dette vert lagt fram for heradsstyre som ei eiga sak:

- Ombygging av Granvin og Vossestrand sjukeheim til å tilby andre tenestetilbod, t.d. omsorgsbustader, omsorg+ eller liknande.
- Organisering av kjøkken på Vetleflaten og kva tenester/områder dette skal serve. Kan t.d. ei auke i produksjon føre til betre oppgåvedeling på Vetleflaten enn i dag?
- Organisering av legekontor/helsestasjon i Granvin
- Skissere kapasitet/fleksibilitet i sjukeheimsplassar, med tanke på framtidig behov
- Plan for organisering av heimetenestene i heradet.
- Hovudtillitsvalde, råda for brukargruppene og pårørandeutvalet skal vera inkludert i arbeidet gjennom medverknad.

b) Heradsstyre ber om at arbeidet med ny sentrumsbarnehage har høg prioritet. Heradsstyre ber rådmannen framskundast prosjektet med eitt år i investeringsplanen, samanlikna med gjeldande plan. Molegheitsstudie for offentlege bygg rommar mange prosjekt og skal ikkje forseinka arbeidet med sentrumsbarnehage.

c) Heradsstyret er uroa for situasjonen ved Voss legekontor og ber rådmannen ha fokus på situasjonen ved legekontoret i tida framover. Dette bør vera organisert som eit eige prosjekt og heradsstyret ber om at formannskapet vert løpande orientert om status og utvikling, med særskilt fokus på:

- Arbeidsmiljø
- Kostnadsutvikling
- Rekruttere/behalde arbeidskraft
- Innleige

d) Heradsstyret vedtek at minst éin kommunal barnehage skal ha opningstid utover 9 timar, og at det skal sikrast overlapp i barnehageferie slik at det er eit barnehagetilbod tilgjengeleg heile året. Rådmannen får i oppdrag å organisera dette innan gjeldande kostnadsrammer.

e) Stilling som er redusert ved Voss bibliotek kan haldast vakant, med mål om tilsetning så snart økonomien har betra seg.

f) Heradsstyret ber rådmannen leggja fram ei eiga sak som greier ut konsekvensar av å avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus før det vert gjennomført. Tiltaket vert ikkje iverksett inntil slik sak er handsama.

g) Netto driftsresultat og eigedomsskatt. Dersom heradet oppnår eit netto driftsresultat i tråd med handlingsregelen på minimum 1,75 % av driftsinntektene, ber heradsstyret rådmannen vurdere rom for å redusere eigedomsskatten i økonomiplanperioden, i samband med budsjettvedtak i 2027.

h) Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve barnehagetilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehagetilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim. Hauge barnehage vert ikkje lagt ned før barnehagetilbodet på Vossestrand er avklara.

i) Borna i Bolstad barnehage vert flytta til Evanger oppvekstun når lokalet er klart, slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.

j) Redusera tal heradsstyrerepresentantar til 31

Justert mandat Voss iPluss27, foreslått av Sidsel Vinsand, Raudt

Framlegg til vedtak, med utgangspunkt i rådmannens framlegg:

1. Voss herad tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek justert mandat for Voss iPluss2027 utan følgjande innsparingsmål:
 - Oppvekst 11.1. mill
 - Helse og omsorg: 37.5 mill
 - Kultur og fritid: 2.9 mill

Samla sum: kr 51.5 mill kr. Inndekking: Justera ned forventa overskot i 2027. Resten frå disposisjonsfond.

3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingsvedtak i tabellen som ligg inne i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

T1, T2, T4, T6, T7?, K4 og A1

Tilleggsframlegg, foreslått av Elin Seim, Venstre

Bakgrunn

PwC-rapporten peikar på fleire utfordringar knytt til organisering, leiing, ansvarslinjer og administrative arbeidsprosessar i Voss herad. Samstundes identifiserer rapporten eit potensial for effektivisering og administrative innsparingar gjennom organisatoriske tiltak.

Heradsstyret meiner det er viktig å få vurdert og konkretisert dette potensialet nærare, slik at organisatoriske og administrative tiltak kan inngå som ein sentral del av det vidare omstillingsarbeidet.

Vedtak

Heradsstyret ber rådmannen leggja fram ei sak om omorganisering av Voss herad med utgangspunkt i den overordna organisasjonsmodellen og tilråding 2 i PwC-rapporten.

Omorganiseringa skal ha som mål å:

- tydeleggjera ansvar og fullmakter
- styrkja leiarrolla
- gje klarare arbeidsdeling mellom line og stab
- redusera unødig kompleksitet
- leggja til rette for enklare og meir effektive administrative arbeidsprosessar

Heradsstyret legg til grunn at omstilling i størst mogleg grad skal realiserast gjennom:

- forenkling av organisasjonsstrukturen
- reduksjon av administrative nivå
- samordning av støttefunksjonar
- reduksjon av dobbeltarbeid
- digitalisering og effektivisering av arbeidsprosessar
- redusert konsulentbruk
- naturleg avgang og vakansehandtering
- meir effektiv bruk av kommunale bygg og eigedomar

Rådmannen skal leggja fram ei konkret vurdering av kva økonomiske gevinstar som kan realiserast gjennom organisatoriske og administrative tiltak, inkludert ei vurdering av det innsparingspotensialet som er omtala i PwC-rapporten.

Saka skal innehalda ein handlingsplan som syner:

- aktuelle tiltak
- ansvar for gjennomføring
- framdriftsplan og milepålar
- estimert økonomisk effekt
- vurdering av risiko og konsekvensar
- plan for rapportering og måling av realiserte gevinstar

Saka skal leggjast fram for heradsstyret seinast i 4. kvartal 2026 og innehalda ei vurdering av kva organisatoriske og administrative tiltak som kan gjennomførast med økonomisk effekt frå budsjettåret 2027.

Heradsstyret skal få tertialvis rapportering om framdrift, gjennomførte tiltak og realiserte gevinstar frå og med 2027.

Lars Tore Rogne, H bad om vurdering av habilitet i høve tiltak O4 Garden, jf fvl § 6 andre ledd. Heradsstyret røysta over L.T. Rogne sin habilitet og Lars Tore Rogne vart samrøystesmed 42 røyster funnen ugild.

Heradsstyret røysta over framlegg om avvikling av Garden (tiltak O4), vedteke med 40 røyster mot 2 røyster (Sidsel Vinsand, R, Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg)

Erik Flage, H, Marit Wæhle, Ap, Knut Ståle Kvissel, Frp, Øystein Måkestad, Krf bad om vurdering av habilitet i høve tiltak K4 Vossabadet og Voss idrettshall KF, jf fvl § 6 e Heradsstyret røysta over representantane sin habilitet og dei vart samrøystes funnen ugilde med 39 røyster. Karl Knapskog, Ap, tok sete som vara for Marit Wæhle, Ap.

Heradsstyret røysta over avvikling av Vossabadet og Voss idrettshall KF (tiltak K4), vedteke med 37 røyster mot 3 røyster (Elin Seim, V, Sidsel Vinsand, R, Olav Farestveit, H)

Heradsstyret røysta over framlegg frå Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, framlegget fall med 42 røyster mot 1 røyst (Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg)

Heradsstyret røysta over justert mandat Voss iPluss 2027 v/Sidsel Vinsand, R, framlegget fall med 42 røyster mot 1 røyst (Sidsel Vinsand, R)

Heradsstyret røysta over fellesframlegg frå Sv, Ap v/Benedicte Kragh, Ap framlegget fall med 13 røyster mot 30 røyster (Tonje Ljones Såkvitne, Samson Hamre, Siri Stuve Elvatun, Sturla Hommedal, Helena Elvatun, Kari Nestaas Ruud, Sigurd Tyssen, Sp, Åshild S Underdal, Sveinung Riber, Olav Farestveit, Erik Flage, Katrine Matthiessen, Oddbjørn Bratthole, Svein Erik Burud, David Inge Tveito, Lars Tore Rogne, H, Anne Cathrine Bakk, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, INP, Knut Ståle Kvissel, Stig Frode Soltveit Støle, Frp, Øystein Måkestad, Krf, Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, Sidsel Vinsand, R, Elin Seim, V, Hilde Lussand Selheim, Anna Lussand Selheim, Endre Evensen, Norunn R. Bidne, Uavhengig).

Heradsstyret røysta over fellesframlegg frå Sp, Frp Inp, Krf, H, v/Tonje Ljones Såkvitne, Sp, framlegget vart vedteke med 30 røyster mot 13 røyster (Benedicte Kragh, Hilde Magnsson, Tommy Mo Aarethun, Stein Helge Mandelid, Anders Gjeraker, Marit Wæhle, May Røssland, Asgeir Løno, Ap, Dag Sandvik, Margrete Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv).

Heradsstyret røysta over tilleggsframlegg frå Elin Seim, V, framlegget fall med 38 røyster mot 5 røyster (Hilde Lussand Selheim, Anna Lussand Selheim, Endre Evensen, Norunn R. Bidne, Uavhengig, Elin Seim,V)

HST - 58/26 Vedtak

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 7,5 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 18 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim				
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin				
H3	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus				
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til 31 representantar-minimumskrav på 27			-900	-900
T1	Etablere sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500

T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leining og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* – endra til oppvekstun Evanger				
O6	Avvikla Hauge barnehage- Vert flytta/avvikla når Oppheim står klar				
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemanning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag				
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000
	SUM	-2 050	-16 300	-24 700	-27 500

59/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjennom denne planen vedtar Voss heradsstyre overordna rammer for økonomiplanen for 2027-2030 med budsjettammer for kvart tenesteområde. Økonomiplanen vert i juni vedteke som ein retningsgjevande plan med rammer for tenesteområda og med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet. Drifts- og investeringsrammene gjev retning for vidare budsjettarbeid. Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenesteområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema etter forskrift § 5-4. Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema etter forskrift § 5-5.

Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 08.06.2026 - 21/26

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 08.06.2026 - 21/26

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak:

Vedtak i ungdomsrådet i sak 20/26

"Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand".

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 08.06.2026 - 21/26

Innspel til retningsgjevande økonomiplan 2026 -2030.

RMNF har lese økonomiplanen og finn det utfordrande å koma med konkrete framlegg til planen.

Heradet er i ei omfattande omstilling-prosess, som får konsekvensar for tenestene i heradet, og per i dag er det vanskeleg å få full oversikt på konsekvensar for tenestemottakar av endringar i tenestetilbodet.

RMNF vil peika på risikovurdering ved effektivisering og omstilling som er viktige:

- At individuelle behov vert tilstrekkeleg vurdert.
- At tenestene vert tilpassa personen og ikkje systemet.
- At skjønnsvurdering ikkje vert erstatta av økonomiske terskler.
- Å ha god brukarmedverknad.
- Å ha fokus på rettstryggleik, rettsbasert individuelle vurderingar.
- Vurdering av beredskap kontra sentralisering av tenestene.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 08.06.2026 - 19/26

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving.

Grunngjeving:

Denne planen er basert på at innsparingane i rapporten «Heilskapleg organisasjonsgjennomgang» blir gjennomført, der helse og omsorg skal ta vel 37mill. av totalt 82mill. = 57%!! I denne planen ligg avvikling av sjukeheimane på Vossestrand og i Granvin. Dette går eldrerådet sterkt i mot, me veit alle at innan få år vert det mange fleire som treng pleie og hjelp. Å føreslå at ein framleis skal bygga ned eldreomsorga meiner me er uklokt og direkte uansvarleg.

No kjem forslaget om avvikling av sjukeheimane på nytt, berre månadar etter at heradsstyret vedtok at det skal vera sjukeheim på Vossestrand og Granvin. Me skjønar ikkje at innsparingane kan bli så store og at det er alltid helse og omsorg som skal ta støyten. Dette er lite gjennomtenkt og forhasta! Kva med konsekvensen, ikkje berre for «pasientane» og dei tilsette, men for heile grendene.

Eldrerådet har i fleire år i samband med økonomiplan og budsjettarbeidet, våre svært kritisk til avviklinga av langtidsplassar på sjukeheimane våre. Me har bruk for alle sjukeheimane og sjukeheimsplassane i framtida, anten dei ligg i sentrum eller i grendene. Me har og påpeikt den underfinansieringa av helse og omsorg som har vore, som igjen har ført til meirforbruk og forslag om innsparingstiltak.

Det må vera andre område både innan drifta og administrasjonen som kan ta større deler av innsparingane. Det tek truleg litt tid å få det til, men kva med å setja ned forventta overskot i nokre år, bruka litt lenger tid på å byggja oppatt disp.fondet, leggja vekk store investeringar i bygg? Me må framleis ha tru og håp om at også dei som styrer fedrelandet etterkvart innser at skal kommunane gjennomføra dei flotte reformene og planane dei vedtek, må det fylja økonomi med.

Slik det no ser ut til å gå, meiner me at retningsgjevande økonomiplan går i feil retning.

Vedtak som innstilling frå Finansråd, 11.06.2026 - 06/26

Finansrådet tek saka til vitande.

Heradsstyret ber rådmann å sakshandsama oppdatert informasjon/notatet frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering inn i 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 11.06.2026 - 43/26

Gjennom denne planen vedtar Voss heradsstyre overordna rammer for økonomiplanen for 2027-2030 med budsjettammer for kvart tenesteområde. Økonomiplanen vert i juni vedteke som ein retningsgjevande plan med rammer for tenesteområda og med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet. Drifts- og investeringsrammene gjev retning for vidare budsjettarbeid. Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenesteområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema etter forskrift § 5-4. Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema etter forskrift § 5-5.

Saksordførar: Tommy Mo Aarethun

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026

Handsaming

Innspel fremja av eit samla Råd for MMNF, samrøyses vedteke.

KRMNF - 21/26 Vedtak

Innspel til retningsgjevande økonomiplan 2026 -2030.

RMNF har lese økonomiplanen og finn det utfordrande å koma med konkrete framlegg til planen. Heradet er i ei omfattande omstilling-prosess, som får konsekvensar for tenestene i heradet, og per i dag er det vanskeleg å få full oversikt på konsekvensar for tenestemottakar av endringar i tenestetilbodet.

RMNF vil peika på risikovurdering ved effektivisering og omstilling som er viktige:

- At individuelle behov vert tilstrekkeleg vurdert.
- At tenestene vert tilpassa personen og ikkje systemet.
- At skjønnsvurdering ikkje vert erstatta av økonomiske terskler.
- Å ha god brukarmedverknad.
- Å ha fokus på rettstryggleik, rettsbasert individuelle vurderingar.
- Vurdering av beredskap kontra sentralisering av tenestene.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Forslag - 21/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 21/26 Vedtak

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Handsaming

Endringsframlegg

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving, fremja av leiar og nestleiar.

Eldrådet røysta over endringsframlegg fremja av Ruth J og Gunnar L, opp imot rådmann sitt framlegg til vedtak. Endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

ELD - 19/26 Vedtak

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving.

Grunngjeving:

Denne planen er basert på at innsparingane i rapporten «Heilskapleg organisasjonsgjennomgang» blir gjennomført, der helse og omsorg skal ta vel 37mill. av totalt 82mill. = 57%!! I denne planen ligg avvikling av sjukeheimane på Vossestrand og i Granvin. Dette går eldrerådet sterkt i mot, me veit alle at innan få år vert det mange fleire som treng pleie og hjelp. Å føreslå at ein framleis skal bygga ned eldreomsorga meiner me er uklokt og direkte uansvarleg.

No kjem forslaget om avvikling av sjukeheimane på nytt, berre månadar etter at heradsstyret vedtok at det skal vera sjukeheim på Vossestrand og Granvin. Me skjønar ikkje at innsparingane kan bli så store og at det er alltid helse og omsorg som skal ta støyten. Dette er lite gjennomtenkt og forhasta! Kva med konsekvensen, ikkje berre for «pasientane» og dei tilsette, men for heile grendene.

Eldrerådet har i fleire år i samband med økonomiplan og budsjettarbeidet, våre svært kritisk til avviklinga av langtidsplassar på sjukeheimane våre. Me har bruk for alle sjukeheimane og sjukeheimsplassane i framtida, anten dei ligg i sentrum eller i grendene. Me har og påpeikt den underfinansieringa av helse og omsorg som har vore, som igjen har ført til meirforbruk og forslag om innsparingstiltak.

Det må vera andre område både innan drifta og administrasjonen som kan ta større deler av innsparingane. Det tek truleg litt tid å få det til, men kva med å setja ned forventta overskot i nokre år, bruka litt lenger tid på å byggja oppatt disp.fondet, leggja vekk store investeringar i bygg? Me må framleis ha tru og håp om at også dei som styrer fedrelandet etterkvart innser at skal kommunane gjennomføra dei flotte reformene og planane dei vedtek, må det fylja økonomi med.

Slik det no ser ut til å gå, meiner me at retningsgjevande økonomiplan går i feil retning.

Ungdomsrådet 08.06.2026

Handsaming

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak.

UNG - 21/26 Vedtak

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak:

Vedtak i ungdomsrådet i sak 20/26

"Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand".

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Finansrådet tek saka til vitande.

Tilleggspunkt, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Heradsstyret ber rådmann å sakshandsama oppdatert informasjon/notatet frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering inn i 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan.

Finansrådet røysta over framlegg til vedtak frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke med 13 røyster.

Finansrådet røysta over tilleggspunkt frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke med 13 røyster.

FINR - 06/26 Vedtak

Finansrådet tek saka til vitande.

Heradsstyret ber rådmann å sakshandsama oppdatert informasjon/notatet frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering inn i 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan.

Formannskapet, Plan og økonomi 11.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 43/26 Vedtak

Gjennom denne planen vedtar Voss heradsstyre overordna rammer for økonomiplanen for 2027-2030 med budsjettammer for kvart tenestoområde. Økonomiplanen vert i juni vedteke som ein retningsgjevande plan med rammer for tenestoområda og med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet. Drifts- og investeringsrammene gjev retning for vidare budsjettarbeid.

Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenesteområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema etter forskrift § 5-4. Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema etter forskrift § 5-5.

Saksordfører: Tommy Mo Aarethun

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Fellesframlegg, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030	
Endringsoversikt	
Tal i tusen kroner	
Drift	
Tenesteområde/gruppering	Tiltak
Politisk styring	Redusera tal heradsstyrerepresentantar
Barnehage	Barnehage på Oppheim og Rongen/Bolstad
Barnehage	FDV Bolstad og Oppheim barnehagar
Barnehage	Awikla Bolstad barnehage og flytta born til Evanger oppvekstun
Barnehage	Awikla Hauge barnehage
Barnehage	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag
Omsorg	Awikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverende sjukeheim
Omsorg	Awikla kommunalt kjøkken i Granvin
Omsorg	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus
Netto finansutgifter	Renteutgifter
Netto finansutgifter	Avdrag på lån
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresu	Avsetningar til disposisjonsfond
Sum endring drift	
Oppsummering av budsjettforslaget (drift)	
Investeringar	
Tenesteområde/gruppering	Investering
Barnehage	Etablering barnehage Bolstad
Barnehage	Etablering barnehage Oppheim
Sum investeringsinntekter	Kompensasjon for meirverdiavgift
Sum investeringsinntekter	Bruk av lån
Sum endring investering	
Oppsummering av budsjettforslaget (investering)	

Drift	2027	2028	2029	2030
Rest saldering totalt	0	0	0	0

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i %

Drift

Ut av tiltakslista. Desse tiltaka vert IKKJE gjennomførte:

H1	Avvikla sjukeheimar Granvin og Vossestrand
H2	Avvikla kjøkken Granvin
H3	Ambulerande teneste i psykisk helse og rus

O5	Avvikla Bolstad bhg
O6	Avvikla Hauge bhg (barnehagen vert flytta til Oppheim etter bygg er klart)
O11	Redusera opningstid i bhg til 9 timar
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til 31 i staden for 27

Investeringar:

- Oppgradering av Rongen skule på Bolstad til barnehage
- Oppgradering av Gamle Oppheim skule til barnehage

Følgjekostnader av dette på driftsbudsjettet: FDV + finanskostnader av auka låneramme og ekstra driftskostnader samanlikna med nedlegging

Saldering:


- Redusera avsetjingar til disposisjonsfond

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
■ Voss Herad	-1,0 %	-0,5 %	-1,4 %	1,0 %	-	0,6 %	0,6 %
■ Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økp
■ Voss Herad	5,3 %	4,5 %	2,6 %	2,6 %	2,5 %	2,8 %	
■ Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
■ Voss Herad	52,7 %	51,3 %	46,5 %	55,9 %	61,8 %	65,3 %	65,3 %
■ Handlingsregel	65,0 %	65,0 %	65,0 %	65,0 %	65,0 %	65,0 %	65,0 %

Fellesframlegg - verbalpunkt, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Overordna:

Innføring av ny organisasjonsmodell og digitalisering vil gje effektivisering- og innsparingspotensial. Heradsstyret legg til grunn at administrative og organisatoriske innsparingar skal vurderast og realiserast fortløpande. Heradsstyret har som mål å skjerma primærtenestene og me ber om å leggja fram ei konkret sak som dokumenterer innsparingspotensial, handlingsplan, framdrift og forventa økonomisk effekt av slike tiltak før me ser på reduksjon av innbyggjarnære tenester. Heradsstyret understrekar at omorganisering skal skje innanfor eksisterande budsjetttrammer for dei ulike avdelingane og dei innsparingsmåla som allereie er sett.

Helse- og omsorgstjenestene våre har tatt store deler av innsparingene som me til no har gjennomført. Det er viktig at omstillinga, forbetringar og arbeid som TØRN held fram også i denne delen av organisasjonen, men framover har heradsstyre eit mål om å omfordela meir midlar til og innanfor i tenesteområdet.

Tiltak som rådmann skal arbeida vidare med:

Helse og omsorg:

1. Dimensjonering og innretning av bu- og institusjonstilbod, særleg for eldre. Sjå på korleis me kan samlokalisera dei tilboda som i dag er i sentrum.
2. Samspel mellom førebygging, tidleg innsats og meir ressurskrevjande tenester
3. Omfanget av privat næringsdrift, organiseringa av fastlegeheimlane og drift av legetenestene i Voss herad med mål om å redusera vikarkostnader og skapa ei meir stabil legeteneste.

Oppvekst:

1. Djupare gjennomgang av organisering, finansiering og vedtakspraksis knyt til ITO og PA. Vurdera nivå på støtte i klassen.
2. Gjennomgang av barnevernet, slik som t.d. reforhandling av avtalar som gjort våren 2026
3. Gjennomgang av SFO tilbodet
4. Skulestruktur i sentrum. Halda fram arbeidet med å etablera ny barneskule og forsterka eining
5. Logopedtilbod
6. Gjennomgang av tildelingsmodell
7. Gjennomgang av vikarbruk
8. Gjennomgang av tilsynsordninga

Teknisk:

1. Gjennomgang av bilparken
2. Gjennomgå nivå på drifts- og vedlikehaldskostnader
3. Gjennomgang og effektivisering av eigedomsforvaltning
4. Gjennomgang av bustadforvaltinga og auke potensialet for avhending av kommunale bygg. Nytte eingongsinntektene på å redusera gjeldsgrada.

Kultur og fritid:

1. Gjennomgang av tilbodsnivået på Kino
2. Gjennomgang av tilbodsnivå i kulturskulen og vurderer meir gruppeundervisning
3. Auka leigepreisar ved enkeltarrangement kor me skil mellom kommersielle og frivillige

Stab og administrasjon:

1. Heradsstyret vil ikkje løyva ekstra midlar til etablering av nye leiarstillingar i heradet. Omorganisering skal skje innanfor eksisterande budsjetttrammer for dei ulike avdelingane og dei innsparingsmåla som allereie er sett.

Verbalframlegg, Ap og SV, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Netto driftsresultat og eigedomsskatt. Dersom heradet kan budsjettera med eit netto driftsresultat i tråd med handlingsregelen på minimum 1,75 % av driftsinntektene, ber heradsstyret rådmannen vurderer å redusere eigedomsskatten. Heradsstyret ynskjer ei gradvis nedtrekk i eigedomsskatt på 0,5 promille i økonomiplanperioden, i samband med budsjettvedtak i 2027.
2. Ny sentrumsbarnehage skal ha høg prioritet i investeringsplanen. Heradsstyre ber rådmannen framskundast prosjektet med eitt år samanlikna med gjeldande plan. Molegheitsstudie for offentlege bygg rommar mange prosjekt og skal ikkje forseinka arbeidet med sentrumsbarnehage.
3. Rådmannen blir bedt om å innarbeida ombygging av Granvin og Vossestrand sjukeheim i investeringsplanen, i økonomiplanperioden.

Verbalframlegg - justert, foreslått av Elin Seim, Venstre

Heradsstyret tek til orientering at Voss herad står overfor eit betydeleg omstillingsbehov i økonomiplanperioden 2027–2030.

Heradsstyret legg til grunn at omstillingsarbeidet skal ha som mål å sikre langsiktig økonomisk berekraft, styrkje handlingsrommet og leggja til rette for gode og framtidsretta tenester til innbyggjarane.

Heradsstyret legg vidare til grunn at organisatoriske og administrative tiltak skal vurderast og realiserast så tidleg som mogleg i økonomiplanperioden, og at potensialet for innsparingar innan organisering, leiging, styring, stab, støttefunksjonar, eigedomsforvaltning og administrative arbeidsprosessar skal dokumenterast og vurderast før det vert gjort vesentlege reduksjonar i innbyggjarnære tenester.

Heradsstyret ber rådmannen leggja fram sak om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, slik at eventuelle organisatoriske og administrative tiltak kan vurderast innarbeidde med økonomisk effekt frå budsjettåret 2027.

Resultat frå organisasjonsgjennomgangen og tilhøyrande handlingsplan skal inngå som del av grunnlaget for vidare budsjett- og økonomiplanarbeid.

Retningsgjevande økonomiplan, foreslått av Sidsel Vinsand, Raudt

Sjølvstendig framlegg

Eldrerådet har handsama «Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030» (sak ELD-19/26 i møte 8.6.-26). Eit einstemmig eldreråd vedtok å gå mot rådmannens framlegg til vedtak. Raudt Voss stør Eldrerådet og har følgjande -

framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre går mot Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Raudt Voss går mot følgjande innsparingskrav:

Oppvekst: Kr 11,1 mill.

Helse- og omsorg: kr 37,5 mill.

Kultur og fritid: Kr 2.9 mill

Inndekking: Justera ned forventa overskot i 2027. Resten frå disposisjonsfond

Forslag til vedtak - MDG, foreslått av Trygve Lyshagen Tømmerås, Miljøpartiet dei grøne

Forslag til vedtak

Heradsstyret vedtar Retningsgivende økonomiplan 2027–2030 med følgende endringer:

Drift

- Innsparingsmålet for oppvekst reduseres med 4,7 mill. kr for å videreføre barnehagene på Bolstad og Hauge, samt videreføre tilbudet Garden.
- Det opprettes en ny stilling som klima- og miljørådgiver, kr 1,0 mill.

Saldering

- Avsetningen til disposisjonsfond reduseres med kr 5.65 mill. for å saldere endringene.

Disposisjonsfondet utgjør da 3,7 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2027, og litt over 5 % ved utgangen av 2028. Nærmere 9% i 2030.

Framlegg til vedtak frå Raudt, foreslått av Bridget Penny, Raudt

Raudt viser til m.a. Eldrerådet si handsaming av saka, og fremjer fylgjande vedtak:

1. Voss heradsstyre legg til grunn at innsparingskrav innan helse og omsorg, oppvekst og kultur og fritid må reduserast i høve til framlegget i Retningsgjevande økonomiplan 2027–2030.

2. Voss heradsstyre vil vidareføra og styrkja eit desentralisert tenestetilbod innan helse, omsorg, barnehage og skule, i tråd med tidlegare vedtak og med behovet for busetnad og utvikling i heile heradet.
3. Voss heradsstyre legg til grunn at eksisterande langtidsplassar ved Granvin sjukeheim og Vossestrand omsorgssenter skal oppretthaldast. Ei evt. framtidig flytting av plassane skal berre skje i samband med ein heilskapeleg plan for heimesjukepleie og bruk av bygga i Granvin og Vossestrand til omsorgsbustader eller liknande.
4. Voss heradsstyre legg til grunn at vedteken barnehage- og skulestruktur vidareførast, inkludert barnehage på Bolstad og Hauge.

Voss heradsstyre reduserer følgjande innsparingskrav i økonomiplanen:

- a. Oppvekst: kr 11,1 mill.
- b. Helse og omsorg: kr 37,5 mill.
- c. Kultur og fritid: kr 2,9 mill.

Samla reduksjon: kr 51,5 mill.

5. Inndekking skjer gjennom å justera ned forventa overskot i 2027 med kr 36 mill. og nytta kr 15,5 mill. frå disposisjonsfondet.

Verbalframlegg, Ap og SV (heilskapleg) , foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

a) Heradsstyret ber rådmann arbeida vidare med strukturen innan pleie- og omsorgstenestene og om at det vart laga ein tydeleg plan for tenestene gjennom heile omsorgstrappa. Rådmannen blir bedt om å innarbeida ombygging av Granvin og Vossestrand sjukeheim i investeringsplanen, i økonomiplanperioden. Heradsstyret ber om at følgjande vert vurdert i ein slik plan og at dette vert lagt fram for heradsstyre som ei eiga sak:

- Ombygging av Granvin og Vossestrand sjukeheim til å tilby andre tenestetilbod, t.d. omsorgsbustader, omsorg+ eller liknande.
- Ta vare på kulturminne som visar tradisjonell bruk av landskapet som er skapt av dei som har livnært seg der, og såleis gje forankring i historia. Ta vare på verneverdige bygningar for næringsutvikling og historieforteljing.
- Tilgjenge og friluftsverdiar
- Kulturlandskapet skal vera ei kjelde til rekreasjon og oppleving, og såleis medverka til identiteten vår. Leggje til rette for auka tilgjenge for ålmenta i jordbruket sitt kulturlandskap ved tilgang til sti- og turvegnett, for å sikre samfunnet sitt behov for rekreasjonsareal.
- Ureining og Erosjon
- Redusera avrenning frå jordbruket som belastningar for vassdrag, drikkevatn og fjord. Hindre tap av næringsemne. Vassførekomst skal ikkje måtte nedklassifiserast til dårlegare status som følgje av avrenning frå jordbruket. redusera erosjon i tilknytning til innmarksareal. Tiltak som reduserer effekta av endring i klima.
- Klima-tilpassing
- Bidra til meir klimavennleg landbruk, stimulere til eit landbruk som er mest mogleg basert på lokale ressursar.

Midlane skal nyttast til spesielle miljøtiltak og inngjerding og gjerdehald vert i hovudsak rekna som ein del av vanleg jordbruksdrift. Som ledd i tiltak for oppgradering/skjøtsel av landskap, ivaretaking av spesielle naturverdiar og liknande kan gjerding inngå i prosjektet. Både fysiske og elektroniske gjerde har tidlegare år fått tilskot gjennom SMIL-ordninga då det har vore knytt til konkrete tiltak.

I 2026 fekk Voss herad tildelt **1 320 000 kr i SMIL-midlar**. Det kom inn i underkant 40 søknadar med ein samla søknadssum på over 6 millionar kr. Det har difor vore streng vurdering av kva tiltak som har fått tildelt midlar. Tiltak mot erosjon og ureining, og tilskot til fast dekke over gjødsellager er særskilt prioritert i år i samanheng med nytt gjødselregelverk.

Andre relevante tilskotsordningar

Tilskot til tiltak i beiteområde:

Direkte tilskot til digitale hjelpemiddel i landbruket i dag går gjennom ordninga som gjeld *tiltak i beiteområde i utmark*. Ordninga har lokal søknadsfrist 1. mars. Midlane vert prioritert etter [forskrift](#) og [kommunal tiltaksstrategi](#). Storparten av midlane går til sporingsutstyr til beitedyr (GPS-bjøller).

Frå forskrifta:

§ 1. Formål: Formålet med tilskuddet er å legge til rette for best mulig utnyttelse av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene.

§ 2. Vilkår: Tilskudd etter denne forskriften kan gis til lag eller foreninger (beitelag, grunneierlag, radiobjellelag) som er registrert i enhetsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som iverksetter investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområder.

Faste og mobile investeringstiltak som kan få tilskot:

- Sperregjerder
- Ferister
- Bruer
- Gjetarhytter
- Sanke- og skilleanlegg
- Anlegg/rydding/ utbetring av drifteveier

- Saltsteinsautomatar
- Transportprammar
- Elektronisk overvakingsutstyr (radiobjøller, lammenoder, merkeavlesarar, findmysheep mv. I område med særskilt dårleg dekning, kan tilskot til felles basestasjonar også vere aktuelt)
- Elektronisk gjerde (for eksempel av typen Nofence) vert vurdert på linje med anna sporingsutstyr.

Det vert altså gitt tilskot til sperregjerder men avgrensa til at det *«ikke skal gis tilskudd til gjerder mellom innmark og utmark som faller inn under Lov om grannegjerde.»*

Det er beitelaga som søker på tilskotet på vegne av sine medlem. For å kunne få tilskot her, må ein vera medlem i eit beitelag og drive utmarksbeiting. I Voss herad er det 15 beitelag med til saman 323 medlem/bønder. Beitelaga skal legge til rette for samarbeid for best mogleg bruk av utmarksressursane.

Det vert ytt tilskot til virtuelle gjerdeløysingar (Monil, NoFence) på lik linje med sporingsutstyr (Telespor, FindMy, Smartbjøller). Nivå på støtte til sporing vert differensiert mellom om det sender på mobilnett eller satellitt ettersom det er varierende dekning i fjellområda og satellittutstyr er dyrare i innkjøp.

Tilskotet kjem frå staten via Statsforvaltar og Vestland har i 2026 fått tildelt 5 mill. kr. Dette vert fordelt på kommunane etter størrelse og behov. Voss herad er ein relativt stor beitekommune og er i 2026 tildelt **440 000 kr.** Dette er ei auke frå tidlegare år (280 000 kr i 2025, 265 000 kr i 2024). 8 beitelag har søkte i 2026 om tilsaman 13 tiltak, søknadssum vart totalt er kr 950 000.

I 2026 vart tilskotet fordelt slik:

- Radiobjølle/mobileining kr 465 pr eining
- Satellittbjølle kr 1070 pr eining
- Større investeringsprosjekt får eit tilskot på 20% av totalkostnaden.
- Søknadar til saltsteinautomatar får eit likt kronetilskot: kr 1200 pr eining.

Samla vart det løyvd **422 825 kr til elektronisk sporingsutstyr i 2026.** Det utgjør om lag 30% av samla kostnad til innkjøp av bjøller.

Då det er variasjon i tilskotsum til kommunen og tal søknadar frå år til år, vil tildelinga i kr per bjølle variere noko år for år.

Driftsmildar til organisert beitebruk (OBB)

Beitelaga får utbetalt driftsmidlar gjennom ordninga organisert beitebruk (OBB), som dei sjølve kan nytte til tiltak for betring av bruk av utmarksbeite. Dei siste åra har driftstilskot til beitelaga i Voss vore omkring 1 million kr årleg fordelt på dei 15 laga. Dette er midlar beitelaga disponerer fritt og me ser at fleire beitelag nyttar deler av tilskotet til å gje støtte til innkjøp av sporingsutstyr til sine medlem.

Produksjonstilskot (PT)

Produksjonstilskot er eit nasjonalt driftstilskot med soneforskjellar der landbruksføretak for tilskot for gjennomførte tiltak/drift knytt til tal dyr og areal for kalenderåret. Søknadsfrist 1. mars og 15. oktober. Det er eige tilskot til dyr på beite og dyr på utmarksbeite.

- Innmarksbeite:
- For sau, lam, geit, kje og alpakka på innmarksbeite er satsen 131 kr per dyr.
- For storfe, hjort, hest og lama på innmarksbeite er satsen 1001 kr per dyr
- Utmarksbeite:

- For sau, lam, geit, kje og alpakka på utmarksbeite er satsen 581 kr per dyr.
- For storfe, hjort, hest og lama på utmarksbeite er satsen 1 763 kr per dyr

1. *Korleis kan Voss Herad støtte innkjøp av slike digitale hjelpemiddel?*

Lokale ordningar og satsingsområde i plan og strategi:

I Kraftfondet er landbruk og sauehald satsingspunkt og her er det handlingsrom til å vedta at det skal løyvast midlar til digitale hjelpemiddel og virtuelle gjerder ved framtidige utlysingar.

I beitebruksplanen og besøkstrategi (under arbeid) er det tiltak som omhandlar å nytta elektroniske og fysiske gjerde for å dempa konflikt og tilrettelegja for besøk i beiteområder. Her kan ein nytta sporing og virtuelle gjerder. Det er per no ikkje løyvd midlar til å gjennomføra tiltak knytt til beitebruksplan. Det vert arbeida med å leggja til rette for besøksbidrag, men dette er fram i tid og det bør løyvast midlar til oppfølging av beitebruksplan og besøksstrategi uavhengig av innføring av besøksbidrag.

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå interpellantane, samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 09/26 Vedtak

HST ynskjer ein vurdering av om Voss Herad har gode nok tilskotsordningar i dag. Saka kjem opp som eige sak i Utval for kultur og næring.

10/26 Interpellasjon - Nyttårsfyrverkeri i Voss herad v/Kari Nestaas Ruud og Samson Hamre, Sp

Nyttårsfyrverkeri i Voss har Heradet har over år hatt fleire uheldige sider som Voss herad bør gripa tak i. Stortinget har no vedteke at heradet får heimel til å forby nyttårsfyrverkeri.

Heradstyre ber om sak der slikt forbud vert utgreidd og vurdert.

Bakgrunnen for å vurdere eit slikt forbod er:

- hundeeigarar og eigarar andre kjæledyr og husdyr opplever problem for dyra sine i samband med fyrverkeri
- faren for personskade ved oppskyting av fyrverkeri.
- faren for ukontrollert oppskyting som kan råka folk
- faren for rakettar på avvege som kan forårsaka brann

Framlegg til vedtak :

Voss herad utgreier forbod mot sal og bruk av nyttårsfyrverkeri i Voss herad. Forbod kan gjelda i heile eller deler av heradet. Alternativt felles feiring/ markering bør vurderast.

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Interpellasjonen tek opp eit aktuelt og viktig spørsmål om bruk av fyrverkeri, og dei utfordringane dette kan medføre for tryggleik, brannvern, dyrevelferd og livskvalitet for innbyggjarane.

Fyrverkeri er ein etablert del av nyttårsfeiringa, men det er samstundes godt dokumentert at bruken kan føra til personskadar, brannar, støypplager og ulemper for både menneske og dyr. Det er difor naturleg at heradet vurderer korleis det er mogleg å førebyggja uønskete hendingar og redusera negative konsekvensar.

Etter dagens regelverk er bruk av fyrverkeri forbode utan særskilt løyve frå politi. Det er gjort eit generelt unntak på nyttårsaftan mellom klokka 18.00 og 02.00.

Kommunane har heimel til å fastsetja lokale forskrifter, og kan i den samanheng etablera forbodssoner der bruk av fyrverkeri ikkje er tillate. Slike avgrensingar må i hovudsak vera grunngjeve med omsyn til tryggleik, særleg brannfare og risiko for skade på liv, helse og materielle verdiar.

Dette inneber at kommunen allereie har eit visst handlingsrom til å regulera bruken av fyrverkeri lokalt, særleg i område som er tettbygde, har verneverdig busetnad eller på annan måte er særleg utsette. Eit døme er Bergen kommune, der det er gjennom lokal forskrift totalforbod mot fyrverkeri i områder med tett trehusbebyggelse. Heilt tilbake då det var lovleg med pinnerakettar, var det også ei forbodssone på Voss. Denne var i sentrumsområdet som strekte seg frå Seimsfeltet – gjennom heile sentrum og oppover t.o.m. Skulestadmo inkludert Skjerpefeltet.

Med bakgrunn i nyleg vedtak i Stortinget som gjev kommunane mynde til å regulera eller forby privat fyrverkeri lokalt, er det forventa at det kjem lovendringar som klargjer dette. Tidspunkt for når dette er klart er ikkje sett.

Det vil vera ynskjeleg å koma attende med eiga sak om alternative tiltak, enten dette er totalforbod i heile heradet eller forbod i deler med bakgrunn i ein risiko- og sårbarheitsanalyse. I saka må det vurderast om det skal vera fleire alternativ med felles markering/oppskyting ulike stader, enten i regi av heradet eller grendalag, organisasjonar m.v. Det er naturleg å drøfta dette i felles fora som Vest brann- og redningsregion, der også Voss herad deltek.

Nytt framlegg, foreslått av Kari Nestaas Ruud, Senterpartiet

Voss herad utgreier forbod mot sal og bruk av nyttårsfyrverkeri i Voss herad når lovendringar som klargjer vedtak i stortinget som gjev kommunane mynde til å regulera eller forby privat fyrverkeri lokalt ligg føre. Forbod kan gjelda i heile eller deler av heradet. Alternative felles feiringar/markeringar bør vurderast.

Heradsstyret røysta over nytt framlegg til vedtak frå Kari Nestaas Ruud, Sp, samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 10/26 Vedtak

Voss herad utgreier forbod mot sal og bruk av nyttårsfyrverkeri i Voss herad når lovendringar som klargjer vedtak i stortinget som gjev kommunane mynde til å regulera eller forby privat fyrverkeri lokalt ligg føre. Forbod kan gjelda i heile eller deler av heradet. Alternative felles feiringar/markeringar bør vurderast.

08/26 Grunngeve spørsmål - Tryggleiksalarm v/Hilde Lussand Selheim og Anna Lussand Selheim, Uavhengig

Tryggleiksalarm skal vera ein viktig ressurs for at eldre skal bu heime lengst mogleg. Voss Herad har etter det me har høyrd opptill 250 alarmar som må bytast ut i løpet av 2026 fordi 2G nettet vert lagt ned.

Kvar veke vert det rapportert om at fleire alarmar ikkje går i gjennom til ansvarleg omsorgsteneste. Dei fungerer altså ikkje slik det skal, og brukarane betalar 425 kr,- pr mnd for ei teneste som kanskje ikkje verkar når dei treng det.

Kor mange tryggleiksalarmar er i bruk i Voss Herad i dag, og kor mange av desse går på det gamle 2G nettet som skal fasast ut?

Får hjelpemiddellagert som har ansvar for bestilling/montering av tryggleiksalarmar ekstra budsjettmidlar eller løyvningar for å håndtere mengden tryggheitsalarmar som må bytast ut?

Kor mange avvik er registrert på tryggleiksalarmar siste året til dags dato?

Er tryggleiksalarmane å rekna som ein falsk tryggleik i dag ?

Kor mange ventar på å få tryggleiksalarm ?

Kor lang tid tek det gjennomsnittleg før eit vedtak om alarm er installert ?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Voss Herad er kjend med utfordringane knytt til utfasing av 2G-nettet og arbeider aktivt med overgang til ny løysing og ny leverandør av tryggleiksalarmar.

Det stemmer at alle dagens tryggleiksalarmar på sikt må bytast ut. Dette betyr likevel ikkje at dagens alarmar ikkje fungerer. Telenor har varsla at 2G-nettet vert lagt ned 31.12.2027, og kommunen har difor framleis tid til å gjennomføra ei kontrollert og trygg utskifting. Arbeidet med overgang til ny leverandør og nye alarmar er allereie starta, og kommunen ynskjer å byta ut alarmane fortløpande etter sommaren.

Voss Herad har i dag 306 tryggleiksalarmar i bruk. Desse er i hovudsak basert på teknologi som må fornyast før 2G-nettet vert avvikla.

Problema som enkelte brukarar har opplevd den siste tida skuldast ikkje at 2G-nettet er stengt ned, men utfordringar knytt til eldre SIM-kort som har måtta bytast ut. Dette har særleg vore meldt frå område vest. Hjelpemiddellageret har fortløpande bytt SIM-kort der dette har vore nødvendig, og alarmane fungerer då normalt igjen.

Hjelpemiddellageret har i dag ansvar for bestilling, klargjering og montering av tryggleiksalarmar. Det er stor arbeidsmengde knytt til både drift og førebuing til utskifting av alarmane. Eventuelle ekstra budsjettmidlar eller ressursar vert vurdert i samband med det vidare arbeidet og budsjettprosessane.

Når det gjeld avvik, er det registrert seks avvik frå 01.01.2025 til no.

Kommunen vurderer ikkje tryggleiksalarmane som ein «falsk tryggleik». Alarmane er eit viktig og velfungerande hjelpemiddel for mange brukarar. Samstundes er kommunen open om at tekniske feil og driftsutfordringar kan oppstå, slik det kan gjera med all teknologisk infrastruktur. Difor arbeider ein kontinuerleg med vedlikehald, utskifting og modernisering av løysingane.

Det er per i dag 11 vedtak om tryggleiksalarm som ventar på utlevering. På grunn av stor arbeidsmengde har hjelpemiddellageret hatt redusert kapasitet den siste tida, men dette er på prioriteringslista deira.

Sakshandsamingstid på søknad om tryggleiksalarm varierer frå 1 til 14 dagar fram til vedtak er fatta. Når vedtak er godkjent, varierer ventetida for utlevering og montering i dag mellom 2 og 6 veker, men i tilfelle der det har vore høgst nødvendig, har hjelpemiddellageret prioritert utlevering av desse framfor andre oppdrag.

HST - 08/26 Vedtak

09/26 Grunngjeve spørsmål - Voss næringspark v/Lars Tore Rogne, H

I planid 2010014, Reguleringsføresegner for områdereguleringsplan for Voss Næringspark, Istadmyrane , oppdatert 28/11-2013, står det:

I delområde 1, 7, 8, 9, 10 og 11 er utnyttelsesgrada (BYA) på næringstomta inntil 30%, medan i delområde 2, 3, 4, 5 og 6 er utnyttelsesgrada (BYA) inntil 50%.

Det vil sei at har ein ei tomt på f.eks. 5mål og ein BYA på tomte på 30%, så kan ein kun byggja ned 1,5mål og resten, 3,5 mål skal vera parkeringsplass, unytta område. Dette heng ikkje saman no når vi heile tida snakkar om fortetting når det gjeld utbygging i Heradet for å utnytta areala best mogleg. Dessutan minkar det på ledige næingsareal. I tillegg er det utbyggera på Istad i dag som gjerne vil utnytta næringstomta si betre.

Kan Rådmann/Ordførar svara meg på om det er råd å få inn i reguleringsføresegnene for Istad Industriområde at delområde 1, 7, 8, 9, 10 og 11 kan få ein utnyttelsesgrad (BYA) på inntil 50?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Plan og eigedom har tatt ein runde internt for å sjå på utviklinga på Istad og for å svara ut spørsmålet.

Utnyttingsgraden har vore drøfta internt tidlegare, og me kjenner til at dette med utnyttingsgrad var tema i samband med synfaringa som var med formannskapet i vår.

Litt historikk om planen:

Ein må sjå utnyttingsgraden i planen i ljøs av tida den vart laga og kva målsettingar som låg til grunn då.

I planprosessen 2010-13 var: *Føremålet med planarbeidet er å tilrettelegge Istadmyrane som eit attraktivt industriområde tilpassa dagens krav til standard og trong for fleksibilitet, og ein skal etablera eit betre grunnlag for opparbeiding av ein tenleg teknisk infrastruktur.*

Voss kommune står som tiltakshavar og fremjar av planforslaget.

Vidare står det:

Det er etterspurnad etter industritomter for tyngre plasskrevjande verksemdar i kommunen og i regionen. Berre deler av næringsområdet på Istadmyrane er tilrettelagt med veg, vatn og avlaup. Mål med planarbeidet er difor å omarbeida gjeldande reguleringsplan, der ein ynskjer å:

- *Tilretteleggja Istadmyrane som eit attraktivt industriområde tilpassa dagens krav til standard og trong for fleksibilitet.*
- *Etablera eit betre grunnlag for opparbeiding av ein tenleg teknisk infrastruktur.*

Konklusjonen i vedtaket frå 2013 var:

Planen for Voss Næringspark legg opp til ei differensiert forvaltning av området på bakgrunn av avstand frå riksvegen og omsyn til omgjevnadene. Det vert lagt til rette for den «tyngste» aktiviteten og minst krav til skjerming og utforming lengst inn i området. Målet er få tilgang på nytt tilrettelagt næringsareal, og at heile området skal få gode kvalitetar og betre struktur gjennom oppfølging av planen.

Dette er bakgrunnen for differensiering på 30 og 50% BYA innanfor ulike områder i reguleringsplanen.

Ein kan og supplera med at det var viktig for Voss å ha areal tilgjengeleg der det var opna for utandørs lagring. Dette var grunngeve med at tettare på sentrum, for eksempel på Tvildemoen var kommunen meir restriktiv på utandørs lagring. Og det var viktig å kunna tilby næringsareal til aktørar som trengte stor fleksibilitet og mykje «grått» areal for å ha tilstrekkeleg med plass.

Korleis ein ser på området i dag og framover:

Næringsparken har utvikla seg gradvis frå 2014 og fram til i dag. Intensjonen med å ikkje ha så mykje utandørs lagring ut mot riksvegen er stort sett gjennomført i tråd med intensjonen. Lenger inne i området er det meir utandørs lagring og mindre skjerming.

Kommunen har erfaring med at det er søkt om dispensasjon frå utnyttingsgraden på 30% BYA, med ynskje om høgare utnytting. 30 % BYA er, slik me ser det i dag, låg utnytting i eit næringsområde. Kommunen bør utnytte «grått» og allereie utbygd areal meir. Og det vil vera positivt å få meir utstyr og lagring innandørs. Så om dei som vil etablere seg der er positiv til det, er det bra. Med å auka utnyttingsgraden har dei i alle fall moglegheita om dei ynskjer.

Ein må og vise til at næringsparken på Istad og er eit område som truleg får «vaska vekk» ein del utbyggingsareal som ligg regulert på myrområder. Dette gjer at totalt sett vert det mindre areal å byggja på, og då bør ein opne for meir utnytting av allereie utbygd areal.

Oppsummering:

Utviklinga og intensjonen med området i dag peikar i retning av at ein bør utnytte arealet meir og unngå å byggja ned nytt areal.

Det vil vera positivt å sjå på ei endring av utnyttingsgraden. Løysinga for å få det til er gjennom ei reguleringsendring. Då må Voss herad som grunneigar utarbeide grunnlag for reguleringsendringa og varsle oppstart. Då vil det i hovudsak vera å endra føresegnene. Grunngeving og vurdering av verknaden av auka utnyttingsgrad må koma fram i planomtale og evt. nokre illustrasjonar.

Reguleringsendringa vert handsama av planmynde på lik line med alle andre reguleringsplanar.

HST - 09/26 Vedtak

10/26 Grunngeve spørsmål - Liggedøgn v/Anna Lussand Selheim, Uavhengig

Eit «liggedøgn» på sjukehus vil seie at pasienten blir meldt ferdigbehandla og utskrivningsklar frå sjukehuset, men at heradet ikkje har moglegheit å ta i mot pasienten då ein ikkje har klart eit rett pleie/omsorgstilbod, som t.d korttids plass eller rehabiliteringsplass.

Då blir pasienten liggande og opptek ei sjukehusseng fram til heradet kan ta pasienten i mot. Bruk av «liggedøgn» fører til flaskehals på sjukehuset men gjev og ei økonomisk bakside for heradet som må betale ein fastsett døgnpris til sjukehuset. Satsen er på 6 172 kroner i 2026.

Eit høgt antall «liggedøgn» skuldast som regel mangel på korttids plass eller rehabiliteringsplass, og dette er i so fall urovekkande når rådmannen no i tillegg ynskjer å justere pleiefaktor og legge ned sjukeheimar.

- Kor mange «liggedøgn» har Voss Herad hatt i 2026?
- Kor mange korttids plassar og rehabiliteringsplassar har Voss Herad i dag?
- Kor mange rom på korttidsavdeling blir brukt av pasientar som ventar på ledig langtids plass?
- Kor lenge ventar i snitt ein pasient som har innvilga langtids plass på ledig langtidsrom?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Spørsmål knytt til sjukeheims plassar, kapasitet og ventetid skaper engasjement. Dette handlar om tenester som betyr mykje for innbyggjarane, særleg for dei som sjølve har behov for hjelp eller står

nær nokon som har det. Difor er det viktig for å svara både på dei konkrete spørsmåla og samstundes setje tala inn i ein større samanheng.

Helse- og omsorgstenestene i Voss herad står, som resten av landet, i ei utvikling der behovet for tenester aukar samstundes som tilgangen på kvalifisert arbeidskraft vert meir utfordrande. Vårt ansvar er å sikra at innbyggjarane får forsvarlege tenester også i framtida. Det krev at me kontinuerleg vurderer korleis ressursane vert nytta, og korleis tenestene vert organiserte.

I denne samanhengen er det viktig å understreka at vurderingar av institusjonsplass ikkje handlar om kor lenge nokon har venta åleine. Spørsmålet er ofte meir grunnleggjande: *Skal den som har stått lengst på venteliste prioriterast, eller den som har størst helse- og omsorgsbehov akkurat no?*

Helse- og omsorgstenesta er forplikta til å prioritera etter behov. Det betyr at den som har størst behov for omfattande og kontinuerlege tenester, skal prioriterast fyrst. Dette gjeld både for personar som oppheld seg på korttidsplass og for personar som ventar i eigen heim. Difor vil det i enkelte tilfelle vera slik at ein person som ventar heime får tilbod om plass før ein annan som har venta lenger.

Dette er ikkje eit uttrykk for manglande kapasitet, men for ei fagleg og forsvarleg prioritering av dei ressursane fellesskapet rår over.

Mange eldre i dag er friskare, meir aktive og kan bu heime lenger enn tidlegare generasjonar. Det er ei positiv utvikling som både den enkelte og samfunnet tener på. Samstundes ser me at dei som faktisk søker langtidsplass ofte har meir samansette helseutfordringar og større pleiebehov enn før. Ein sjukeheims plass er difor i aukande grad eit tilbod til menneske med omfattande behov for døgnkontinuerleg pleie og oppfølging.

Å ha ein høg terskel for langtidsplass handlar ikkje om å avvisa menneske som treng hjelp. Det handlar om å sikra at dei som har størst behov får tilgang til den spesialiserte omsorga som ein sjukeheims plass representerer. Samstundes må me leggja til rette for at innbyggjarar kan leva trygge og gode liv i eigen bustad så lenge det er forsvarleg og ynskjeleg. Dette skjer gjennom heimetenester, velferdsteknologi, rehabilitering, aktivitetstilbod og andre tilpassa tenester.

Forvaltningskontoretet følgjer utviklinga tett og analyserer årleg sentrale styringsdata. Samstundes arbeider helse- og omsorgstenestene etter tillitsmodellen, som gjer det mogleg å flytta ressursar og tilpasse tenestene der behova til ei kvar tid er størst. Dette er avgjerande for å sikra både kvalitet, berekraft og rett prioritering.

På denne bakgrunnen svarer me slik på dei konkrete spørsmåla:

1. Kor mange «liggedøgn» har Voss herad hatt i 2026?

Per mai 2026 har Voss herad hatt totalt 40 betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar ved sjukehus.

Talet på betalingsdøgn varierer gjennom året, men nivået har vore relativt stabilt over fleire år. Betalingsdøgn kan skuldast fleire forhold, mellom anna samansette pasientforløp, behov for vidare avklaringar og tilgang på eigna tenester.

Talet må difor sjåast i samanheng med den samla kapasiteten i helse- og omsorgstenestene, og kan ikkje åleine nyttast som mål på om kommunen har tilstrekkeleg med institusjonsplassar.

2. Kor mange korttidsplassar og rehabiliteringsplassar har Voss herad i dag?

Voss herad har totalt 32 korttidsplassar. Av desse er 22 plassar lokaliserte ved Voss sjukeheim og (7 fram til mars 26)10 plassar ved Hagahaugen.

Korttidsplassane vert nytta til rehabilitering, avlastning, medisinsk oppfølging og mottak av pasientar som vert skrivne ut frå sjukehus.

Talet på korttidsplassar har vore stabilt over fleire år og gjev helse og omsorg fleksibilitet til å møte ulike behov i tenestene. Det vart opna 3 rom på Hagahaugen i mars, då ein såg at betalingsdøger og utskrivingsklare pasientar auka. Dette har vore tilstrekkelege tiltak.

3. Kor mange rom på korttidsavdeling blir brukt av pasientar som ventar på ledig langtidsplass?

Det er til kvar tid nokre pasientar på korttidsavdelingane som har fått vedtak om langtidsplass og ventar på at eit eigna rom skal bli ledig.

Kor mange dette gjeld varierer over tid og er avhengig av både inn- og utflytting ved langtidsavdelingane. Det finst difor ikkje eit fast tal.

4. Kor lenge ventar i snitt ein pasient som har innvilga langtidsplass på ledig langtidsrom?

I 2026 har ventetida for pasientar med vedtak om langtidsplass variert frå om lag 1 dag til 4 veker.

Ventetid på langtidsplass er ikkje eit nytt fenomen, men ein del av den løypande kapasitetsstyringa i institusjonstenesta. Nivået har vore relativt stabilt over fleire år, sjølv om det vil vere naturlege variasjonar mellom ulike periodar.

Det er viktig å understreka at ventetid ikkje er det einaste kriteriet ved tildeling av plass. Prioritering skjer etter ei samla fagleg vurdering av behov, slik helse- og omsorgslovgivinga krev.

Avslutningsvis ynskjer me å presisera at det ikkje er foreslått å redusera talet på langtidsplassar i Voss herad. Endringa som er utgreidd handlar om korleis plassane vert organiserte, ikkje om å redusera kapasiteten.

I dag er langtidsplassane fordelte på fire institusjonar. Når drift, bemanning og fagressursar skal fordelast på fleire bygg, krev det meir personell til å dekkja dei same funksjonane på fleire stader. Det gjev mindre fleksibilitet i kvardagen og gjer det vanskeleg å henta ut stordriftsfordelar.

Forslaget som er utgreidd handlar om å samla langtidsplassane i to institusjonar. Ei slik samling vil gje meir robuste fagmiljø, betre utnytting av kompetanse og større fleksibilitet i bruken av personellressursane. Det er fyrst gjennom ei slik organisatorisk samling at det er mogleg å sjå på pleiefaktoren og organisere tenestene på ein meir effektiv måte.

Dersom langtidsplassane framleis skal driftast i fire institusjonar, vil det i praksis vera svært avgrensa moglegheit til å justere pleiefaktoren utan at det får direkte konsekvensar for drifta. Samling av tenestene er difor ein føresetnad for å kunna hente ut gevinstar gjennom betre organisering og ressursutnytting.

HST - 10/26 Vedtak

11/26 Grunngeve spørsmål - Omorganisering av tenestene v/Christina Løno, H

I samband med omorganisering av tenestene innan psykisk helse og rus er det varsla at tilgjengelegheita på kveld og helg vert avvikla.

Heradsstyret vedtok i juni 2025 samrøystes at administrasjonen skulle gjennomføre ei fagleg og økonomisk vurdering av konsekvensane knytt til implementeringa av rusreforma del I og II. I vedtaket

vart det særleg peika på behovet for styrking av ettervern, førebyggjande arbeid, tverrfagleg oppfølging og lågterskeltenester i kommunen.

Vidare vedtok heradsstyret i mai 2025 at endringar som påverkar brukarnære tenester skal leggjast fram for relevant politisk utval før gjennomføring.

På bakgrunn av dette ynskjer eg svar på følgjande:

1. Er avvikling av tenester på kveld og helg vurdert opp mot heradsstyret sitt vedtak om å styrkje ettervern, førebyggjande arbeid, tverrfagleg oppfølging og lågterskeltenester som følgje av rusreforma?
2. Er det gjennomført ei fagleg konsekvensvurdering av korleis bortfall av kveld- og helgetilgjenge vil påverke brukarane av tenesta, og kan denne vurderinga gjerast tilgjengeleg for politisk nivå?
3. Korleis vurderer administrasjonen at reduksjon i tilgjengelegheit harmonerer med dei nye oppgåvene og forventningane kommunen er pålagt gjennom rusreforma?
4. Korleis har medverknadsprosessane vore?
5. Har endringa vore lagt fram for relevant politisk utval i tråd med heradsstyret sitt vedtak frå mai 2025 om at endringar som påverkar brukarnære tenester skal politisk forankrast før gjennomføring?
6. Dersom saka ikkje har vore politisk handsama, kva er grunngjevinga for at administrasjonen vurderte at endringa kunne gjennomførast utan slik handsaming?

Grunngjeving:

Psykisk helse- og rustenestene er sentrale lågterskeltenester for mange innbyggjarar i sårbare livssituasjonar. Kveld og helg er ofte tidspunkt der ordinære tenester er stengde, og behovet for støtte og oppfølging kan vere særleg stort.

Eg meiner difor det er viktig å få avklart korleis denne endringa er vurdert opp mot heradsstyret sine eigne vedtak og dei føringane som vart lagde i samband med rusreforma.

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Avvikling av tenester på kveld og helg i POR er ikkje gjennomført. Dette er eit forslag som no vert lagt fram for politisk handsaming i sak 58/26 og 59/26.

Bakgrunnen for administrasjonen si innstilling er låg bruk av tilbodet på desse tidspunkta og utfordringar med bemanning. Administrasjonen foreslår i staden å styrkja innsatsen på dagtid, med meir førebygging, tidleg innsats og lågterskeltilbod, i tråd med mål i rusreforma og gjeldande strategiar.

Viser vidare til:

[Notat Rusmiddelpolitisk handlingsplan Levekår 10.06.26.docx](#)

[Grunngjeve spørsmål - ROP - Voss Høgre v/ Christina Løno](#) HST 16/25

[Strategi psykisk helse og rus 2024-2034 \(5\).pdf](#)

12/26 Grunngeve spørsmål - kommunalt kjøkken på Vetleflaten v/Hilde Lussand Selheim, Uavhengig

Etter det eg har høyr er det ingen eller svært få nye heimebuande som får mat frå det kommunale kjøkkenet.

- 1.Kor mange heimebuande fåri dag mat frå det kommunale kjøkkenet på Vetleflaten ?
- 2.Kva er kriteria for at ein heimebuande kan få mat frå det kommunale kjøkkenet og korleis søker ein om det ?
- 3.Kor mange fekk innvilga søknad /vedtak om mat frå det kommunale kjøkkenet i 2024- 2025 -2026 ?
- 4.Korleis kan ein utvikla tilbodet med mat til heimebuande i frå kjøkkenet på Vetleflaten i tråd med ynskje om fleire heimebuande?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

1.Kor mange heimebuande får i dag mat frå det kommunale kjøkkenet på Vetleflaten?

Per juni 2026 er det 40 personar.

2.Kva er kriteria for at ein heimebuande kan få mat frå det kommunale kjøkkenet og korleis søker ein om det?

Informasjon er å finna på side 10 og side 19 i tildelingskriteria: [tk-september-2025.pdf](#)

Middag frå det kommunale kjøkkenet er ei teneste som vert tildelt til tenestemottakarar som treng oppfylging til ernæring. Dersom tenestemottakar ikkje er i stand til å ivareta eige ernæringsbehov som følgje av sjukdom eller funksjonssvikt kan dei få hjelp frå heimetenesta til levering av middag etter kok -kjøl metoden.

Lovheimel	Tenesta vert tildelt etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, første ledd nr.6 bokstav a, oppfylgjing av ernæring.
Klageheimel	Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 28, eventuelt pasrl. Kapittel 7.
Målgruppe	Heimebuande som har utvida ernæringsproblematikk grunna fysisk, psykisk eller sosial funksjonsnedsetting og som ikkje er i stand til å ivareta eige ernæringsbehov. Tenestemottakarar som bur i institusjon eller omsorgsbustad tilknytt døgnbemanning.
Kriteria for innvilga søknad	Heimetenesta har utført ei ernæringsscreening som tilseier at mat som er laga av produksjonskjøkkenet er å rekna som tiltak i ernæringsoppfølginga. Tenestemottakar bur i institusjon eller tilsvarende omsorgsbustad tilknytt døgnbemanning.
Betaling og praktisk informasjon	Faktura vert sendt på etterskot kvar månad. Prisar vert vedteke av heradsstyret årleg. Det vert levert kald middag. Tenestemottakar må ha mikrobølgeovn til førebuing av måltid.

3.Kor mange fekk innvilga søknad /vedtak om mat frå det kommunale kjøkkenet i 2024- 2025 - 2026?

Det vart levert ut 10455 middagar til heimebuande i 2024 (i snitt 40 personar) 9457 i 2025 (i snitt 37 personar).

4.Korleis kan ein utvikla tilbodet med mat til heimebuande i frå kjøkkenet på Vetleflaten i tråd med ynskje om fleire heimebuande?

For å utvikla mattilbodet til heimebuande frå Vetleflaten, bør ein fyrst tydeleggjera kven tilbodet skal gjelda, til dømes personar som ikkje klarer å laga eller skaffa seg mat sjølve, eventuelt med eit supplerande sjølvbetalande tilbod.

Det er viktig med gode bestillingsrutinar, som faste fristar eller abonnementsordningar, slik at kjøkkenet får føreseieleg drift og unngår matsvinn.

Når det gjeld levering, bør ein vurdere både henting og heimlevering. Henting er mest ressurseffektivt, medan utvida heimlevering vil krevja eigne transportløyningar, då heimesjukepleia ikkje har kapasitet til auke.

Kjøkkenet har kapasitet til å produsere fleire middagar enn i dag.

13/26 Grunngeve spørsmål - Status på forhold knytt til byggjeløyve , vedteken områdeplan og plan- og bygningslova v/ Øystein Måkestad, Krf

Den 15.07.2025 bad representantar frå Høgre, ved Sveinung Riber og Lars Tore Rogne, INP Voss ved Lars Gunnar Øye og Terje Eide og Voss KrF ved Øystein Måkestad om eit utvida tilsyn og ei gjennomgang av arealbruken på nordsida av flystripa på Bømoen. Dette omfatta mellom anna tekniske anlegg og om desse var etablerte i samsvar med den vedtekne områdeplanen for idrett og luftsport.

Voss herad har i etterkant gjennomført eit grundig tilsynsarbeid og utarbeidd ein rapport på 16 sider om moglege ulovlege forhold etter plan- og bygningslova. Rapporten peikar mellom anna på forhold knytte til overnatting, parkering og bygningar, og på tiltak som kan vere etablerte utan naudsynt byggjeløyve eller planavklaring. På denne bakgrunnen vart det 24.10.2025 sendt førehandsvarsel om pålegg om retting eller fjerning av ulovlege tiltak, med frist til 1. juli 2026.

Eg legg til grunn at prinsippet om likskap for lova skal gjelda for alle i Voss herad, og at den vedtekne områdeplanen og plan- og bygningslova skal praktiseras likt og føreseieleleg for alle.

Sidan dette er siste heradsstyremøte før sommaren, vil eg spørja ordføraren:

Kva er status i saka i dag?

Kva forhold knytte til overnatting, parkering og bygningar er no retta, byggesøkte eller godkjende i samsvar med den vedtekne områdeplanen og plan- og bygningslova?

Dersom det er søkt om eller gjeve utsetjing av fristen for retting for eitt eller fleire forhold, kva er grunngevinga for dette?

Korleis er ei eventuell utsetjing vurdert opp mot at det opphavleg vart sett ein frist på om lag seks månader for å retta forholda?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Byggesak har sidan sommaren 2025 følgt opp moglege ulovlege forhold på nordsida av Bømoen flyplass etter plan- og bygningslova. Ingen av sakene er avslutta. Oppfølginga omfattar følgjande eigedomar:

- Flyplassvegen 99 (gnr./bnr. 92/5/3)
- Flyplassvegen 103 (gnr./bnr. 92/5/2)
- Flyplassvegen 111 (gnr./bnr. 92/5/7)
- Flyplassvegen 135 (gnr./bnr. 92/5/8)

For eigedomane **Flyplassvegen 99, 103 og 111** starta byggesak oppfølging av moglege ulovlege tiltak i januar 2026 på bakgrunn av arkivgjennomgang og flyfoto. Framfestarar og festarar er bedne om å gjera greie for dei aktuelle forholda. Oppfølginga gjeld i hovudsak manglande ferdigattestar og tiltak der dokumentasjon manglar i kommunen sine arkiv. Fleire forhold er avklarte og avslutta, medan enkelte framleis er under oppfølging. Det er ikkje sendt førehandsvarsel om pålegg i nokon av sakene.

For **Flyplassvegen 135** vart det 24. oktober 2025 sendt førehandsvarsel om pålegg om retting eller fjerning av ulovlege tiltak, med frist for retting eller fjerning innan 1. juli 2026. Innan fristen for uttale bad ansvarleg søkjar for Voss Fallskjermklubb om førehandskonferanse for byggetiltaka på eigedomen. Førespurnaden vart vurdert av byggesak i samråd med kommunalsjef teknisk og kommuneadvokaten. Førehandskonferansen vart ikkje innvilga grunna pågåande prosessar og uavklarte forhold knytte til eigedomen, som gjorde at ein førehandskonferanse på dette tidspunktet vart vurdert som lite føremålstenleg. Tiltakshavar vart i staden oppmoda om å søkja om utsett frist.

Etter søknad har Voss Fallskjermklubb fått utsett frist til 1. november 2026.

Oppfølging av tiltak og arealbruk på sørsida av flystripa er planlagt starta opp etter sommaren 2026.

HST - 13/26 Vedtak

14/26 Grunngeve spørsmål - Eldreomsorga i Voss herad v/Sidsel Vinsand på vegne av Krf, SV og Raudt

1:

8. august 2025 vart det lyst etter 5 helsefagarbeidar i 100% stilling. Det var søkjarar til stillingane, men i september vart stillingane trekte. Det ligg føre to ulike forklaringar på kvifor stillingane vart trekte:

- Kommunalsjef for helse og omsorg forklarar at «...det viste seg at me ikkje hadde behov for dei. Me hadde heller ikkje ledige stillingar. Det var sjukepleiarar me trong, og hadde me fått det, hadde me tilsett.» (Kjelde: Sak i avisa Hordaland 07.12.25)

- Avdelingsleiar ved langtidsavdelinga på Voss sjukeheim har ei anna forklaring. Ho bekreftar at dei hadde lyst ut fem ledige fagarbeidarstillingar, men at desse vart trekte grunna økonomiske omsyn. «Me vart pålagde å leggja ned åtte langtids plassar, og måtte dermed trekkja stillingane, då me ikkje hadde nok årsverk til desse.» (Kjelde: Sak i avisa Hordaland 14.04.26.)

SPØRSMÅL:

Kvifor vart dei fem helsefagarbeidarstillingane trekte?

Kor mange sjukepleiarstillingar er lyst ut i 2025 og fram til no i 2026, kor mange har søkt på stillingane og kor mange er tilsette?

2:

Tal sjukeheimsplassar er vesentleg redusert over tid. I 2011 var det 169 operative sjukeheimsplassar i heradet, utanom Granvin. Ti år seinare, i 2021, var det rundt 124 sjukeheimsplassar, inkludert Granvin. I mars 2025 var talet nede i 109 sjukeheimsplassar, i nkludert Granvin.

I det vedtekne budsjettet for 2025 tilrår heradet endå meir reduksjon i talet på sjukeheims plassar. Vidare seier budsjettet: «Når fleire skal bu lenger heime, må personellressursane omprioriterast til heimetenestene.» (Kjelde: Sak i Avisa Hordaland 29.4.-25/Pensjonistforbundet, Voss)

SPØRSMÅL:

Kor stor del av personellressursane er omprioritert frå sjukeheim til heimetenesta etter at budsjett for 2025 vart vedteke?

3:

Nokre av dei som ventar på ledig langtidsplass er sett på såkalla vurderingsliste og får hjelp heime, andre er plasserte på korttidsavdelinga medan dei ventar. Samstundes er det nokon som ventar på at det skal verta ledig ein korttidsplass. Etter samling av korttidsplassar i 2024 er det totalt 22 korttidsplassar i Voss herad. Det er nyleg teke i bruk 10 korttidsplassar på Hagahaugen rehabiliteringssenter som eit supplement. (Kjelde: E-post 19.1./21.1.-26 med svar frå Voss herad på spørsmål frå Pårørandeforbundet ved Voss sjukeheim)

SPØRSMÅL:

Er årsaka til at ein har teke i bruk 10 korttidsplassar på Hagahaugen at plassar på korttidsavdelinga vert nytta til personar som ventar på ledig plass på langtidsavdelinga ved Voss sjukeheim?

Heradsstyret 18.06.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Helsefagarbeidarstillingane vart trekt då me ikkje hadde behov for dei til plassane som var i drift på sjukeheimen.

Når det gjeld sjukepleiarar er det alltid knappheit på denne kompetansen. Difor er det rett å seia at me ville tilsett denne kompetansen om me fekk tak i den. Per dags dato arbeider det 14 spanske og greske sjukepleiarar i Aust og Vest. Dei er rekruttert via bemanningsbyrået Global working. Det er ikkje innleige dei er fast tilsett i heradet. Dette syner kor stort behov det er for sjukepleiarar.

Det er ikkje omprioritert nokon ressursar frå sjukeheim til heimeteneste etter at budsjettet for 2025 vart vedteke.

På Hagahaugen vert det drive 7 rehabiliteringsplassar. I tillegg 3 plassar til korttid når det er behov for det.

HST - 14/26 Vedtak